

# Årsrapport 2020



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Illustrasjoner: Trond Kulterud, HAN SOM TEGNER  
Layout og trykk: 07 Media

Grunnlagsdata for tal og statistikk i årsrapporten finn du på nettstaden vår: [www.lottstift.no](http://www.lottstift.no)

# Innhold

■ Del I – Oppsummering.....	4
Direktøren har ordet .....	4
■ Del II – Introduksjon.....	6
Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet .....	6
Organisasjonen i 2020.....	8
Leiargruppa i 2020.....	9
■ Del III – Aktivitetar og resultat.....	10
Slik jobbar vi med å sikre ansvarlege spel .....	10
Slik jobbar vi for å sikre ei sterk frivilligheit.....	28
Slik jobbar vi for å sikre trygge stiftelsar .....	36
Slik jobbar vi for å vere ein relevant samfunnsaktør.....	48
■ Del VI – Styring og kontroll .....	56
■ Del V – Framtidsutsikter .....	60
Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2020 .....	62
■ Del VI – Årsrekneskap .....	62
Prinsippnote til årsrekneskapen .....	64
Bevilgningsrapport for 2020 .....	65
Artskontorrapport for 2020 .....	67
Notar .....	68

Direktøren har ordet:

## 2020 har vore eit spesielt år – for brukarane våre og for oss

Koronapandemien og dei nasjonale tiltaka har prega 2020, både for Lotteri- og stiftelsestilsynet og ikkje minst for brukarane våre. Det har vore eit krevjande år, men eg meiner vi som forvaltningsorgan har gjort det vi kan for å dempe konsekvensane.

Frivillig sektor merka korona-nedstengingane med avlyste arrangement og aktivitetar, noko som førte til at inntektene svikta. I mars fekk vi ansvaret for å forvalte den første krisepakken og for å lage søknadssystemet til ein krisepakke Kulturrådet forvalta. Vi kjende på det store ansvaret det var å få pengane raskt ut til frivillige lag og organisasjonar, og fordele desse riktig.

Utover året fekk vi ansvar for å forvalte dei to neste krisepakkaner, og vi ser no at arbeidet med krisepakkar kjem til å halde fram lenge. Eg vil i denne samanhengen nemne at det er mange i organisasjonen vår som har lagt ned ein stor arbeidsinnsats og forvalta krisepakkaner på ein god og stødig måte. Eg vil vidare takke frivillig sektor for god dialog og forståing undervegs.

*Eit viktig mål for oss er å ha dei beste verktøya og den mest relevante teknologien. Slik forenkler vi tenestene for brukarane våre, samtidig som vi effektiviserer våre eigne prosessar. I sum gjer dette oss betre.*

På same tid som vi handterte den første krisepakken, arbeidde vi iherdig med å utvikle ei ny digital plattform som gjer søknadsprosessane enklare for både brukarane og oss. Då vi opna for søknader om momskompensasjon, og seinare i krisepakke 2 og 3, inviterte vi brukarane inn i den nye plattformen. Eg vil sitere ei melding eg fekk seint om kvelden 9. desember: «2000 moms-brev sendt ut, nær 1,7 milliard betalt ut, og alt dette på 30 minutt!»

Ansvarlege spel er grunnmuren i den norske spelmodellen, også i ein pandemi. Då samfunnet stengde ned, forventa vi at speleåtferda kom til å endre seg. Det blei derfor nødvendig å prioritere ekstra oppfølging av pengespelmarknaden.

Våren 2020 la vi fram undersøkinga *Omfang av penge- og dataspillproblemer i Norge 2019*, som Universitetet i Bergen gjennomførte på oppdrag frå oss. Undersøkinga viser at 55 000 nordmenn har problem med pengespel, og at 122 000 er i risikosona for å få det. Dette er ein auke frå førre undersøking, og det bekymrar oss.

Samtidig ser vi at ansvarlege spel i større grad vinn fram. Tiltaka vi har mot aktørane som tilbyr og marknadsfører spel i Noreg utan lov, blir stadig meir effektive, og dei ulovlege aktørane taper terreng. Betalingsformidlingsforbodet gjer at fleire utanlandske pengespelselskap og betalingsformidlarar har trekt seg ut av den norske marknaden. Våre øvste styresmakter bidrar også med ny regulering, og vi ser at dei nye tiltaka for å stanse ulovleg TV-reklame allereie har effekt. Vi har også forventningar til den nye pengespellova, som etter planen vi bli behandla av Stortinget i 2021.

Likevel må vi ta innover oss at den norske modellen er under press. Smart regulering av dei lovlege aktørane, og effektive tiltak mot dei ulovlege, vil vere nødvendig i tida framover. Både for å sikre at pengespel går føre





# Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet

Vi skal sikre ansvarlege pengespel, ei sterk frivilligheit og trygge stiftelsar.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kulturdepartementet og består av to fagtilsyn med felles administrasjon og direktør. Tilsynet held til i Sunnfjord kommune i Vestland.

Lotteritilsynet fører tilsyn og kontroll med dei statlege pengespela for å sikre at dei held seg innanfor rammene som gjeld for ansvarlege pengespel. Vi jobbar også for å sikre at aktørar som driv ulovleg, ikkje skal få fotfeste.

I tillegg sørger tilsynet for at spelemidlane frå dei regulerte aktørane kjem det norske samfunnet og frivilligheita til gode. Lotteritilsynet er tilsynsorgan for Grasrotandelen. Vi forvaltar også ordninga med momskompensasjon for både frivillige lag og organisasjonar og bygging av idrettsanlegg. I 2020 har Lotteri- og stiftelsestilsynet i samband med koronapandemien også hatt ansvaret for å forvalte fleire krisepakkar til frivilligheita.

Tilsynet jobbar dessutan med å hindre kampfiksing og manipulering av idrettskonkurransar, og følger opp kvitvaskingslova på lotteri- og pengespelfeltet.

Stiftelsestilsynet skal sikre at norske stiftelsar driv lovleg og i tråd med formålet, men også bidra til at stiftelsar er ein attraktiv måte å utvikle samfunnet på. Vi både rettleiar og fører tilsyn med norske stiftelsar. Tilsynet jobbar også med å dele kunnskap om rolla norske stiftelsar spelar i det norske samfunnet. I tillegg godkjenner vi endringar i private beslagsforbod, bandlagt pliktdelsarv, uråderettsklausular og samvirkeføretak.

Lotteri- og stiftelsestilsynet driftar tre nasjonale register. Alle norske stiftelsar er registrerte i Stiftelsesregisteret. I Lotteriregisteret ligg informasjon om lag og organisasjonar som har løyve til å skaffe seg lotteriinntekter. Anleggsregisteret har informasjon om anlegg for idrett og fysisk aktivitet, kulturarenaer, løypetiltak i fjellet m.m. I alle tre registera kan publikum søke fram informasjon.

## Tilsynet sine oppgåver

Tildelingsbrevet for 2020 definerer Lotteri- og stiftelsestilsynet sine mål og styringsparametrar slik:

1. Sikre at pengespel og lotteri skjer i trygge former og under offentlig kontroll:
  - effektive tilsyns- og kontrolltiltak basert på risikoanalyse
  - effektiv og rett saksbehandling i forvaltningssaker
  - vere ein tydeleg og relevant samfunnsaktør
  - arbeide mot manipulering av idrettskonkurransar i Noreg
  - følge opp kvitvaskingstilsyn og førebygge kvitvasking innanfor pengespel
2. Førebygge negative konsekvensar av pengespel- og lotteritilbodet i Noreg, og vareta omsynet til dei med speleproblem:
  - følge opp handlingsplanen mot speleproblem for 2019–2021
3. Legge til rette for at overskot frå pengespel og lotteri går til helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur:
  - effektive tilsyns- og kontrolltiltak basert på risikoanalyse
  - effektiv og rett saksbehandling i forvaltningssaker
  - vere ein tydeleg og relevant samfunnsaktør
4. Sikre ei forsvarleg forvaltning av stiftelsar:
  - effektive tilsyns- og kontrolltiltak basert på risikoanalyse
  - effektiv og rett saksbehandling i forvaltningssaker
  - vere ein tydeleg og relevant samfunnsaktør
5. Sikre ei forsvarleg forvaltning av ordningane for meirverdiavgiftskompensasjon som gjeld for frivillige organisasjonar og bygging av idrettsanlegg:
  - effektive tilsyns- og kontrolltiltak basert på risikoanalyse
  - effektiv og rett saksbehandling i forvaltningssaker
  - vere ein tydeleg og relevant samfunnsaktør

I tillegg har Lotteri- og stiftelsestilsynet hatt nokre særskilde oppdrag i 2020:

- bidra i Kulturdepartementet si lovgruppe i samband med revisjon av pengespelregelverket
- halde fram med å vidareutvikle metodikken for å måle kanalisering

- halde fram med å handheve regelverket overfor uregulerte aktørar i den norske pengespelmarknaden, og fokusere på å handheve forbodet mot betalingsformidling
- særleg vurdere behov for tiltak på grunnlag av resultatane frå befolkningsundersøkinga om speleproblem
- ha sekretariatsansvar for å utarbeide ein strategiplan for arbeidet mot manipulering av idrettskonkurransar, og arbeide for at denne planen blir ferdig i løpet av 2020
- sørge for god informasjon til stiftelsar og implementere eventuelle endringar og saksbehandlingsrutinar dersom Stortinget vedtar ny stiftelseslov i 2020
- delta i prosjektgruppe for digitalisering av tilskotsordningar til frivillig sektor og i ei arbeidsgruppe for vidareutvikling av Frivilligregisteret

### Budsjettramme for 2020

Lotteri- og stiftelsestilsynet er sjølvfinansiert med gebyr og avgifter. I 2020 var budsjettramma slik:

- gebyr og oppdrag (inkl. handlingsplanmidlar): kr 16 865 923
- årsavgift for stiftelsar: kr 24 593 920
- refusjon – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto: kr 44 366 000

Lotteri- og stiftelsestilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet.

### Tabell 1: Utvalde volumtal


Tabellen syner volumtal for Lotteri- og stiftelsestilsynet sine kjerneområde.

Volumtal	2017	2018	2019	2020
Tal godkjende lotteriverdige organisasjonar	5 378	5 349	5 255	5 144
Tal organisasjonar med løyve til bingo	3 572	3 487	3 457	3 329
Tal registrerte stiftelsar	6 814	6 718	6 589	6 472
Tal næringsdrivande stiftelsar	837	827	819	812
Tal søknader om momskompensasjon for frivillige organisasjonar	1 584	1 730	1 921	2 019
Tal søknader om momskompensasjon for idrettsanlegg	512	490	538	535
Tal journalførte dokument i tilsynet samla	30 831	31 679	31 294	62 035*
Tal sidevisingar på tilsynets nettsted	647 046	773 334	734 346	1 331 436*
Tal oppringingar til Hjelpelinjen for speleavhengige	1 019	902	800	716

\* Auken i tal journalførte dokument samla i tilsynet og tal sidevisingar på nettstedet skuldast i hovudsak krisepakane for frivilligheita.

### Tabell 2: Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen


Nøkkeltal frå årsrekneskapen	2017	2018	2019	2020
Tal årsverk	67	62	63	67
Samla utgiftsløyvingar inkl. tilskotsordningar	1 591 506 000	1 815 702 770	1 989 415 500	4 403 982 000
Rekneskapsførte driftsutgifter	90 512 183	93 903 084	93 327 774	98 397 332
Lønsdel av driftsutgifter (prosent)	59,2	61	61	63
Løn og sosiale utgifter per årsverk	820 483	839 185	863 327	883 127
Samla rekneskapsførte inntekter	85 297 794	84 509 029	92 044 451	86 372 095



#### Samarbeidsorgan og forum Lotteri- og stiftelsestilsynet deltar i

- lokalt: IT-Forum Vest, Framtidsfylket
- nasjonalt: Brønnøysundregistra, politiet, Medietilsynet, Forbrukarombodet, Finanstilsynet, ulike bransjeforeiningar m.m.
- internasjonalt: nordiske styresmakter på pengespel- og stiftelsesfeltet, GREF, IAGR, EFC, Network of National Platforms





## Leiargruppa i 2020



**Atle Hamar,**  
direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet

- har vore direktør sidan starten og blei tilsett i 2001
- statssekretær i Klima- og miljødepartementet frå januar 2018, kom tilbake i mai 2020
- utdanning: adjunkt med mellomfag i samfunnsvitenskap
- har vore distriktsarbeidssjef i Indre Sunnfjord, statssekretær i Justisdepartementet og politisk rådgivar i Samferdselsdepartementet under Bondevik-regjeringa



**Siw Heggedal Longvastøl,**  
avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet

- tilsett som avdelingsdirektør i 2015
- utdanning: mastergrad i strategisk leiing frå Norges Handelshøyskole og cand.mag. i planlegging og økonomi
- har erfaring frå næringsutvikling, mellom anna som diplomat og leiar for Innovasjon Norges kontor i Sør-Afrika



**Henrik Nordal,**  
avdelingsdirektør i Lotteritilsynet

- tilsett som avdelingsdirektør i 2018
- utdanning: M.Phil. i Peace and Conflict Studies frå Universitetet i Oslo, diverse fagutdanningar innan etterretningsmetode
- har erfaring frå Forsvaret, Etterretningstenesta og Utanriksdepartementet



**Bjørn Morten Øen,**  
avdelingsdirektør for administrasjon  
i Lotteri- og stiftelsestilsynet

- tilsett i som avdelingsdirektør i 2013
- utdanning: spesialsjukepleiar, organisasjon og leiing, nasjonalt toppleiarprogram, gjennomført Solstrandprogrammet i 2018
- har leiarerfaring frå spesialisthelsetenesta



**Anne-Mette Hjelle,**  
kommunikasjonsdirektør  
i Lotteri- og stiftelsestilsynet

- tilsett som kommunikasjonsdirektør i 2011
- utdanning: Executive Master of Management frå Handelshøyskolen BI, statvitenskap grunnfag frå Universitetet i Oslo og sosialøkonomi frå American University i Paris
- har erfaring som journalist i ulike aviser og NRK og som kommunikasjonsrådgivar med eige selskap

*Gunn Merete Paulsen var direktør for Lotteri- og stiftelsestilsynet fram til mai 2020.*

## Slik jobbar vi med å sikre ansvarlege spel

For mange er pengespel det vesle krydderet i kvardagen. Vi lèt oss engasjere og underhalde, og vi drøymmer om gevinst som løn for innsatsen. For at pengespel ikkje skal skape negative konsekvensar for dei som spelar, og deira næraste, må vi stille strenge krav til ansvarlegheits-tiltak hos dei som har løyve til å tilby pengespel i Noreg. Og vi må halde dei som ikkje har løyve, utanfor marknaden.

Som dei fleste andre har vi opplevd at koronapandemien har påverka arbeidet vårt i 2020. Pandemien gjorde at vi måtte omprioritere verkemidla våre og prioritere dei oppgåvene innan tilsyn, forvaltning og kunnskapsproduksjon som hadde størst effekt på kort sikt. Vi sette mellom anna i verk fleire tiltak for å sikre både kanalisering og likviditet i bingo- og lotterimarknaden.

Tettare oppfølging av utviklinga på spelmarknaden har vore viktig både for å følge med på omsetninga og for å overvake uheldig speleåtferd. Mange frykta at den nye kvardagen med heimekontor og permitteringar ville gi auka risiko for speleproblem. Organisasjonen Spill-avhengighet Norge har registrert at fleire tidlegare spele-avhengige har fått problem på nytt. Ved utgangen av 2020 har ikkje Lotteritilsynet sett data om eller fått kjennskap til at fleire har fått speleproblem under koronakrisa. Samtidig veit vi at det gjerne tar lang tid før ein person med speleproblem ber om hjelp. Det er derfor rimeleg å anta at vi enno ikkje veit kva konsekvensar pandemien vil få på lang sikt.

Eit av måla våre er å sikre at pengespelmarknaden etterlever regelverket om kvitvasking. Derfor prioriterte vi i 2020 å gjennomføre kvitvaskingstilsyn hos dei to store einerettsaktørane.

I 2020 presenterte vi resultatane frå den nye befolkningsundersøkinga som blei gjennomført i 2019. Dei ferske tala viser at 55 000 nordmenn har speleproblem, og at 122 000 er i risikosona for å få det. Det er ein auke frå sist vi gjorde ei slik undersøking (2016). Årsaka til auken er mellom anna at fleire vel pengespel med høgare risiko, og at spela har blitt meir tilgjengelege ved at fleire bruker mobiltelefonen som spelplattform.

Det er viktig å førebygge speleproblem og å redusere skadeverknadene for dei som slit. Dei fleste pengespel i Noreg er regulerte med ansvarlegheitstiltak som er tilpassa risikoen i spelet. Døme på viktige tiltak er at det finst tapsgrenser, at ein ikkje tilbyr bonus- og gratisspel i marknadsføring, og at det i liten grad blir reklamert for spel med stor risiko. Aktørane som operer ulovleg i Noreg, gjer det motsette.

Lotteritilsynet skal sikre at lotteri skjer i trygge rammer under offentlig kontroll. Dermed er ein del av oppdraget vårt å sikre at dei som ikkje har løyve til å tilby pengespel i



Noreg, ikkje får fotfeste. I 2020 jobba vi med å førebu innføringa av det nye regelverket som kjem i 2021, og som skal stoppe ulovleg pengespelreklame på TV.

1. januar 2020 tredje endringar i betalingsformidlingsforbodet i kraft. Endringane skulle sikre auka treffsikkerheit i arbeidet. I løpet av året har vi brukt alle heimlane i det nye lovverket, og forbodet er eit effektivt verkemiddel for å stoppe pengestraumar til og frå ulovlege pengespelselskap.

Å stoppe ulovlege pengespel er eit viktig tiltak for å sikre ansvarlege pengespel i Noreg. I 2019 gjorde Lotteritilsynet vedtak om å stoppe det ulovlege pengespeltilbodet på sidene som Trannel International Limited har i Noreg. Dei står mellom anna bak merkenamn som Unibet. Trannel klaga, men fekk ikkje medhald, og saka blei endeleg avgjort vinteren 2020. Så langt har ikkje selskapet retta seg etter pålegget om stans, og Lotteritilsynet har bede dei forklare korleis dei planlegg å gjere det.

### Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet:

1. Sikre at pengespill og lotterier skjer i trygge former under offentlig kontroll
2. Forebygge negative konsekvenser av pengespill- og lotteritilbudet i Norge og ivareta hensynet til dem med spilleproblemer

#### Styringsparametre:

- effektive tilsyns- og kontrolltiltak basert på risikoanalyse
- effektiv og rett saksbehandling i forvaltningssaker
- være en tydelig og relevant samfunnsaktør
- bekjempe manipulering av idrettskonkurranser i Norge
- følge opp hvitvaskingstilsyn og forebygge hvitvasking innenfor pengespill
- følge opp Handlingsplan mot spilleproblemer 2019–2021

(Frå Kulturdepartementets tildelingsbrev 2020)

## Nordmenn spela meir kasinospel i koronaåret

Lotteritilsynet skal sikre at pengespel skjer i trygge former under offentlig kontroll. Ansvarlegheit er det viktigaste målet i pengespelpolitikken i Noreg.

I mars treffe covid-19 pengespelmarknaden og skapte ei rekke utfordringar. Det gjorde at vi måtte endre årsplanar for tilsyn og erstatte revisjonar med tettare rapportering frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto.

Når det gjaldt tilsyn med dei statlege pengespela, påverka pandemien først og fremst tilsynsplanen. Eit tematilsyn om marknadsføring skulle ha vore gjennomført våren 2020, men blei utsett.

### Tettare oppfølging veke for veke

Gjennom pandemien har Lotteritilsynet følgd opp utviklinga på pengespelmarknaden tettare enn til vanleg. Vi har innhenta data frå aktørane på marknaden kvar veke, både for å følge utviklinga av omsetning og reklame og for å overvake uheldig speleåtfærd. Vi gjekk tidleg ut med



informasjon om auka risiko for speleproblem under koronapandemien, og informasjon om kvar ein kan søke hjelp.

Koronapandemien påverka tilbodet av spel i marknaden: Alle Multix- og Belago-terminalar blei stengde på grunn av smittefare, men opna etter kvart opp att. Alle løp på travbanar blei stoppa. I tillegg blei det eit svært redusert tilbod i Oddsen og dei fleste sportsspel, ettersom fleire idrettsarrangement blei avlyste. Unntaket var totalisatorspel på hest, sidan det blei køyrt travløp i Sverige som vanleg. Nordmenn heldt fram med å spele som før på Lotto, Vikinglotto og Eurojackpot, men omsetninga flytta seg over i digitale kanalar.

Ser ein året under eitt, har talet på spelarar og omsetninga auka på alle nettspele. I tillegg ser det ut til at spel på Oddsen har hatt ein liten tilbakegang, medan totalisatorspel på hest har hatt ein auke samanlikna med 2019. Dette vil Lotteritilsynet følge opp i året som kjem, sett i lys av risikoen for auke i speleproblem.

### Anbefalte nye system og rutinar etter kvitvaskingstilsyn

Alle som tilbyr pengespel, blei frå 15. oktober 2018 omfatta av kvitvaskingslova (lov om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering). Lova krev at selskapa innfører tiltak som skal sikre at systema deira ikkje blir brukte til økonomisk kriminalitet og andre forhold som kan henge saman med straffbare handlingar. Nytt regelverk inneber risiko for feil i implementering av nye rutinar og tiltak, og er derfor viktig å følge opp.

Gjennom revisjonar har Lotteritilsynet vurdert om Norsk Rikstoto og Norsk Tipping har innført dei tiltaka lova krev. Desse revisjonane har omfatta nesten alle dei pålagde krava. Denne gongen fokuserte vi på overordna forståing og etterleving av kvitvaskingsregelverket. I 2020 gjennomførte vi kvitvaskingstilsyn hos både hos Norsk Tipping og Norsk Rikstoto.



Begge selskapa hadde identifisert og forstått risikoen for kvitvasking og terrorfinansiering knytt til eiga verksemd. Dei hadde gjennomført overordna risikovurderingar, med klare referansar til kvitvaskingsrisiko. Dei hadde vidare etablert internkontrolltiltak som sikrar at selskapa følger rutinar og gjennomfører tiltak i samsvar med krav i kvitvaskingslova.

Norsk Tipping fekk to avvik og ein merknad. I avvika peika vi på at dei ikkje hadde gode nok system for å finne ut om kundar er politisk eksponerte personar (PEP). Dei gjennomførte heller ikkje tilstrekkeleg forsterka kundetiltak overfor desse kundane, slik lova krev.

Vi anbefalte dei å prioritere å innføre eit system som kartlegg og identifiserer samanhengar mellom risikoområda i selskapet generelt, men spesielt i salskanalar der dei er avhengige av eksterne medhjelparar for å selje pengespele.

Norsk Rikstoto fekk to avvik og to merknader. I avvika påpeika vi at det ikkje var gjennomført tiltak overfor kundar som spelar for over 16 000 kroner med kortbetaling ved ikkje-registrert spel på bane. Vi peika også på at dei ikkje dokumenterte kven hos kommisjonærane som gjennomfører kundekontrollen ved etablering av nye kundeforhold.

Vi anbefalte dei å gjere ein overordna gjennomgang av kvalitetssystemet for å sikre at det er tilstrekkeleg samanheng mellom risikovurderingar, tiltaksplanar og rutinar. For

å sikre systematiske, regelmessige internkontrolltiltak som forebygger kvitvasking, anbefalte vi dei å kartlegge tiltak for forbedring her.

### Årleg gjennomgang av ansvarlegheit og kanalisering

Kvart år gir vi generalforsamlinga til Norsk Tipping vår vurdering av selskapet sitt rammeverk for ansvarleg spel, og vi kartlegg kor omfattande det ulovlege pengespeltilbodet er. Vidare skildrar vi kva verkemiddel vi har for å redusere ulovlege pengespel i Noreg, og estimerer effekten av dei samla tiltaka.

I 2020 slo vi fast at Norsk Tipping si kanaliseringsevne var god samanlikna med året før. Samtidig uttrykte vi bekymring for negativ utvikling i spelemønsteret på kasinospela, og oppmoda Norsk Tipping til å jobbe intensivt og bevisst for å kanalisere spelarar vidare til spel med låg risiko. Dei fekk råd om å kartlegge kor treffsikker marknadsføringa er, og å utarbeide enda betre effektmålingar av marknadsaktivitetar. Formålet er å redusere den direkte marknadsføringa mot spelarar som ikkje er i målgruppa. Norsk Tipping har ikkje lov til å marknadsføre kasinospela, og spelarar som er i risikogrupperne mottar ikkje noko direkte reklame om speltilbodet.

Vi tilrådde også at dei burde kartlegge og drøfte registrert spel på papirbasert Flax, sett i lys av generell digitalisering i marknaden og gevinstantane ved å ha reelle data om spelarane.

Vi rådde generalforsamlinga til å sikre at tiltak som var under utvikling hos selskapet, blei innført i 2020. Dette gjaldt blant anna eit tiltak som krev at kundane til Norsk Tipping må sette ei personleg totalgrense før dei spelar på Multix- og Belago-terminalane.


I rapporten for 2021 vil vi gjere greie for korleis selskapet har gjennomført desse tiltaka.

### Innføring av totalgrense hos Norsk Rikstoto

Frå 1. januar 2017 fekk Stiftelsen Norsk Rikstoto ny konsesjon til å tilby totalisatorspel i Noreg. Den nye konsesjonen hadde endra vilkår. Mellom anna må dei innføre totalgrense for spel innan 1. januar 2021. Dette har Lotteritilsynet følgt tett opp gjennom 2020.

I samarbeid med Landbruks- og matdepartementet og Norsk Rikstoto har vi funne ei løysing som vil bli følgd opp i 2021. I arbeidet har det vore viktig å finne ei totalgrense som er tilpassa eigenskapane til totalisatorspelet og spelarane. Risikoen for å få speleproblem er like stor, enten ein har god eller dårleg råd. Det er ikkje funne grunnlag for å innføre ei særskilt grense for spelarar som har god råd. Intensjonen med totalgrensa er å redusere skade for både spelarar og pårørande til dei som har problem.

Frå og med 1. januar 2021 er den maksimale tapsgrensa 20 000 kroner per måned, rullerande over 90 dagar. Rulleringa betyr at spelaren får overført unytta tapsgrensa til neste 30-dagars periode, men maksimalt for 90 dagar. Spelaren kan velje om han eller ho vil ha moglegheit til å spele for eventuelle gevinstar i tillegg til totalgrensa. Det blir viktig å vurdere om denne løysinga oppfyller intensjonen med totalgrensa.



## Slik stoppa vi ulovlege pengespel i 2020

Lotteritilsynet skal handheve regelverket overfor uregulerte aktørar på den norske marknaden. Vi skal sette i verk tiltak for å stenge dei ulovlege aktørane ute, og her er betalingsformidlingsforbodet eit viktig verkemiddel.

Lotteritilsynet gjorde i 2019 vedtak om å stoppe det ulovlege pengespeltilbodet på dei fire pengespelsidene som Trannel International Limited har i Noreg, mellom anna Unibet og Maria Casino. Det betyr at dei må stoppe den ulovlege marknadsføringa av spel retta mot Noreg, og at dei må slutte å legge til rette for betaling av innsats og gevinst i strid med betalingsformidlingsforbodet. Klagesaka blei endeleg avgjort vinteren 2020, etterfølgd av fleire rundar med krav om utsett iverksetting. Verken klagen eller spørsmålet om utsett iverksetting førte fram hos klageinstansane eller Lotteritilsynet. Selskapet har så langt ikkje retta seg etter pålegget, og Lotteritilsynet har bede dei gjere greie for korleis dei planlegg å gjere det.


Lotteritilsynet fortsette i 2020 arbeidet med betalingsformidlingsforbodet. Saman med Medietilsynet brukte vi òg tid på å planlegge korleis vi best mogleg kan handheve det nye regelverket om TV-reklame i kringkastingslova.

Status for arbeidet vårt på området er at vi mot slutten av 2020 ser ein klar tendens til at fleire pengespelselskap sluttar å tilby ulovlege spel i Noreg. Sannsynlegvis er det fleire faktorar som spelar inn for dei internasjonale pengespelselskapa, mellom anna risiko for omdømmetap.

### Effektivt betalingsformidlingsforbod

I løpet av 2020 har fleire utanlandske pengespelselskap og betalingsformidlarar trekt seg ut av Noreg. Same år fall den første rettskraftige dommen om betalingsformidlingsforbodet, og han stadfestar at vi handhevar regelverket rett.

Norske bankar og andre som tilbyr betalingstenester i Noreg, har ikkje lov til å formidle innsats og utbetaling i pengespel som ikkje har løyve i Noreg. Dette betalingsformidlingsforbodet blei gjeldande i 2010, men viktige endringar tredde i kraft frå 1. januar 2020. Å hindre utanlandske pengespelselskap i å ta imot innskot frå spelarar



og i å gjere utbetalingar er eit effektivt tiltak, fordi det blir vanskelegare for dei utanlandske selskapa å operere i Noreg.

Lotteritilsynet har i løpet av året brukt alle dei nye heimlane i betalingsformidlingsforbodet. Vi har mellom anna brukt retten til å krevje opplysningar frå finansføretak og til å stanse transaksjonar som er knytte direkte til selskap, og ikkje berre til selskapa sine kontonummer.

I 2020 blei det også laga ei felles rettleiing om ulovlege pengespel. Rettleiinga laga vi saman med Økokrim ved Enhet for finansiell etterretning (EFE). Rettleiinga blei sendt ut til rundt 180 aktuelle bankar og andre finansføretak i Noreg. I tillegg blei ho publisert på våre og Økokrim sine nettsider.

Dette året gjennomførte vi også ei spørjeundersøking hos dei om lag 200 norske bankane og finansføretaka som driv med betalingsformidling. Over 80 prosent svarte. Målet vårt med spørjeundersøkinga var å få informasjon om korleis bankane i Noreg generelt følger opp betalingsformidlingsforbodet, og kva tilnærming bankane og finansføretaka har til speleproblem. Denne kunnskapen skal Lotteritilsynet bruke til å avgrense det ulovlege pengespeltilbodet, førebygge speleproblem og redusere skadeverknader.

Mellom anna svarar mange bankar at dei følger opp betalingsformidlingsforbodet aktivt, undersøker mistenkelege transaksjonar og stansar transaksjonar som dei veit er frå ulovlege pengespel. Halvparten av bankane svarte at dei «av og til eller oftare» opplever at problem med pengespel er eit tema i lånemøte med kundar. Eit anna spørsmål var kva rutinar føretaka har for å førebygge, avdekke og avvise pengespeltransaksjonar til og frå ulovlege pengespel på nett, ut frå det generelle betalingsformidlingsforbodet. I overkant av halvparten av bankane svarta at dei tar kontakt med kunden og spør om transaksjonen er pengespel, og at dei informerer kundar om forbodet. 60 prosent av bankane som svarta, opplyste at dei har eigenkontroll av transaksjonar integrert i rutinar knytte til arbeidet mot kvitvasking.

### **Fleire selskap har trekt seg ut av Noreg**

Fleire utanlandske pengespelselskap og betalingsformidlarar av pengespel har trekt seg ut av den norske pengespelmarknaden i 2020, mellom anna spelselskapa GVC Holdings, Winamax og Expekt.

GVC Holdings står bak merke som Partypoker, Sportingbet, BWIN og Ladbrokes. Til media har dei sagt at dei har trekt seg ut av Noreg fordi dei går ut av land der det for tida ikkje er reelle moglegheiter for lisensregulering, noko som kan opne for lisens til å tilby pengespel. Dei har tydelegvis tatt eit standpunkt om å ikkje lenger tilby pengespel i land der dei ikkje har løyve.

Ifølge Winamax har dei trekt seg ut av Noreg på grunn av kravet om at alle operatørar som skal tilby pengespel her i landet, må ha løyve frå norske styresmakter. Og sidan dei ikkje har eit slikt løyve, stengde dei spelekontoane til norske spelarar mot slutten av 2020.

I 2020 gjorde Lotteritilsynet elleve vedtak om stans av ulovlege pengespeltransaksjonar retta mot norske bankar og andre finansføretak. Fire av vedtaka omfatta selskap i Kindred-konsernet, som står bak spelsider som Unibet og Maria Casino. Selskapa var Trekker Break Services Limited, Mobil Northern Services Limited, Kserol PLC og Lucisbit Limited.

Paysafe Group (Skrill, Paysafe og Netteller) har også opplyst at dei gjekk ut av den norske pengespelmarknaden i 2020. Det gjorde dei etter eit varsel om vedtak som Lotteritilsynet sende norske bankar og finansføretak i november 2020, og som handla om fleire kontoar eigde av selskap knytte til merkevarene Paysafe og Skrill. Denne aktøren hadde ei omsetning på fleire titals millionar kroner i månaden og har lenge drive aktiv formidling av ulovlege pengespel i Noreg.

### **Staten fekk medhald – endeleg dom om betalingsformidlingsforbodet i lagmannsretten**

I 2020 fekk staten medhald i ei sak om betalingsformidlingsforbodet, då det kom dom frå Borgarting lagmannsrett. I 2018 saksøkte betalingsformidlararen Entercash og pengespelorganisasjonen European Gaming and Betting Association (EGBA) staten ved Kulturdepartementet etter at Lotteritilsynet i 2017 vedtok stans av pengespeltransaksjonar hos norske bankar og finansføretak. Vedtaket påla finansføretaka å stanse betalingstransaksjonar til og frå fem utanlandske betalingsformidlarar og to selskap som også tilbyr spela. Entercash var ein av desse utanlandske betalingsformidlarane, og dei klaga på vedtaket, men fekk ikkje medhald hos klageinstansane (Lotterinemnda, Kulturdepartementet og Landbruks- og matdepartementet). Dei meinte vedtaket var ugyldig, og at det mangla heimel i lova. Derfor saksøkte dei staten, men det førte ikkje fram.



Dette er den første rettskraftige dommen om vedtak som Lotteritilsynet har gjort overfor norske bankar, og som omfattar utanlandske betalingsleverandørar og forbodet mot å formidle pengespel som ikkje har løyve i Noreg. Retten konkluderte med at vedtaket hadde tilstrekkeleg klar heimel i lov, og at det ikkje er i strid med betalingstestedirektivet i EU. Dommen slår mellom anna fast at regelverket om betalingsformidlingsforbodet, også før endringane i 2020, omfattar pengespeltransaksjonar som utanlandske betalingsformidlarar gjennomfører på vegner av selskap som tilbyr pengespel utan løyve. Regelverket gjeld med andre ord ikkje berre for selskap som tilbyr spel sjølve.

Retten stadfesta at Lotteritilsynet har handheva regelverket riktig, og dommen er viktig for vårt vidare arbeid med å stanse betalingsformidling av ulovlege pengespel. Det er nemleg utanlandske betalingsformidlarar som står for mesteparten av betalingsformidlinga, på vegner av dei selskapa som tilbyr nettspele i Noreg utan løyve.

Det viser at vi var på trygg rettsleg grunn då vi i 2020 relativt raskt og effektivt følgde opp informasjon frå bankar og valutaregisteret om nye formidlarar. Vi sende vedtak til alle bankar og finansføretak i Noreg, som stansa formidling gjennomført av utanlandske betalingsformidlarar av pengespel utan løyve.

Lotteritilsynet og norske bankar og finansføretak oppdagar og stansar slike transaksjonar, og vi veit at dette i stor grad er med på å stoppe ulovlege pengespel. Ikkje minst gjer det at mange aktørar sluttar med betalingsformidling av pengespel i Noreg. Vi har hatt kontakt med spelarar som har problem med å gjennomføre innskot og ikkje får utbetalt gevinstar. Dei fortel at dei via oss blir klar over at spelselskapa tilbyr spel ulovleg. Dessutan innser mange at dei risikerer å tape pengar ved å spele hos selskap som driv ulovleg i Noreg. Mange av spelarane som kontaktar oss, har speleproblem og er eigentleg letta over at dei blir stansa. Dette reduserer sannsynet for at spelinga deira fører til uoppretteleg økonomisk og personleg skade.

### ESA gir staten og Lotteritilsynet fullt medhald om betalingsformidlingsforbodet

I juli 2020 blei det norske betalingsformidlingsforbodet vurdert av ESA, som er EFTAS overvaksingsorgan. Forbodet blei då vurdert opp mot EØS-retten i to avgjerder av klagesaker frå ulike private aktørar. Den eine var pengespelorganisasjonen European Gaming and Betting Association (EGBA). ESA gjorde grundige vurderingar og konkluderte særskilt klart med at det norske regelverket og Lotteritilsynet si handheving av regelverket er i tråd med EØS-retten.



## Slik førebudde vi oss på ny regel om ulovleg pengespelreklame

Utanlandske pengespelselskap har i mange år dominert reklamepausane på TV. Pengespelreklamen har vore med på å ufarleggjere dei mest aggressive formene for pengespel og på å legitimere eit ulovleg pengespeltilbod.

Heile seks av ti nordmenn veit ikkje eller er usikre på kva pengespelselskap som har løyve til å tilby pengespel i Noreg. Mykje av grunnen er det store omfanget av norsk-tilpassa reklame for dei utanlandske spelselskapa på TV.

Tal frå Medietilsynet viser at dei utanlandske spelselskapa frå august 2019 til juli 2020 i snitt sende 1 253 reklamar i døgnet på direktesende TV-kanalar som er retta mot Noreg. Dette utgjør over 80 prosent av all pengespelreklame på TV. Til samanlikning sende dei norske pengespelselskapa i snitt 288 reklamar i døgnet.

Ifølge lotteri- og pengespellovgivinga er det ulovleg å marknadsføre og formidle pengespel som ikkje har norsk løyve. Marknadsføringsforbodet gjeld også pengespelreklame på TV, men det har i praksis vore vanskeleg å handheve forbodet overfor reklame på fjernsynskanalar som er etablerte i utlandet.

For å avgrense tilgangen til pengespelreklame som er i strid med lotteri- og pengespellovgivinga, vedtok Stortinget 7. mai 2020 ein ny regel i kringkastingslova § 4-7. Etter den nye regelen kan Medietilsynet pålegge norske distributørar å gripe inn og stoppe ulovleg pengespelreklame på TV og bestillingstenester som blir sende frå utlandet.

Den nye regelen skal bidra til å førebygge speleproblem og skadeverknader for spelarar og deira pårørande. Før Medietilsynet kan pålegge stans av reklamen, skal dei hente inn

ein rådgivande uttale frå Lotteritilsynet på om reklamen er i strid med lotteri- og pengespellovgivinga.

Denne regelen i kringkastingslova tok til å gjelde 1. januar 2021, og Lotteritilsynet og Medietilsynet innleia i 2020 eit nært samarbeid der vi utarbeidde felles rutinar og planar for tilsyn i 2021. Lotteritilsynet hadde gjennom året jamlege møte med Medietilsynet om korleis vi skal praktisere den nye regelen i kringkastingslova, og korleis vi skal samarbeide og fordele oppgåvene i det kommande tilsynet. Tilsynet med regelverket har høg prioritet begge stader.

Ved utgangen av 2020 uttalte medieselskapet Nent Group, som har TV-kanalane TV3, TV6 og Viasat 4, til media at dei ville slutte å sende pengespelreklame for utanlandske spelselskap frå 1. januar 2021. Ved utgangen av 2020 såg det derfor ut til at dei regulerande tiltaka styresmaktene har vedtatt for å stoppe denne reklamen, har hatt effekt frå første dag lova tok til å gjelde.

Medieselskapet Discovery har TV-kanalane FEM, MAX, VOX og Eurosport Norge. Dei har uttrykt til media at dei vil halde fram med å sende pengespelreklame for utanlandske spelselskap på sine kanalar i 2021. Etter lovvedtaket i Stortinget har Discovery saksøkt staten.

### Norske nettaviser etterlever marknadsføringsforbodet

Samtidig som den ulovlege pengespelreklamen kan sjå ut til å minke på nokre TV-kanalar, er det også sjeldnare at Lotteritilsynet får tips om eller på annan måte avdekkjer ulovleg marknadsføring i form av såkalla programmatisk annonsar i norske nettaviser.

Inntrykket er at norske nettaviser har sett i verk tiltak som gjer at ulovleg pengespelreklame ikkje slepper gjennom annonsesystema, og at dei raskt får fjerna dei få annonsane som slepper gjennom. Dette viser at innsatsen vi tidlegare har gjort for å stoppe den ulovlege marknadsføringa av pengespel i norske nettaviser, har hatt effekt på lang sikt.

Lotteritilsynet såg også i 2020 at utanlandske spelselskap får ein del redaksjonell omtale i norske aviser, fordi dei set



odds på ulike hendinger i Noreg. Det kan til dømes handle om kven som vinn MGP, eller kven som blir ordførar etter kommunevalet. Men i omtalen blir det ikkje opplyst om at speltilbodet er ulovleg i Noreg. Slik oppnår spelselskapa legitimitet og auka omsetning på pengespel dei tilbyr ulovleg her i landet. Lotteritilsynet sende i 2019 eit brev til norske mediehus om denne problemstillinga, men ser at det framleis blir publisert artiklar med slikt innhald.



### Facebook fjerna 40 sider

Kombinasjonen av rapportering og sjølvregulering frå Facebook og Apple ser vi som eit effektivt verkemiddel for å redusere tilgangen til pengespel utan løyve. I 2020 fortsette vi kontrollen med Facebook. Til dei rapporterte vi til saman 40 sider og fleire annonsar. Disse var i strid med marknadsføringsforbodet og Facebook sine egne retningslinjer, og resultatet var at Facebook fjerna dei.

Stadig meir av den ulovlege marknadsføringa på Facebook ser ut til å skje i lukka grupper. Lotteritilsynet har også rapportert desse gruppene til Facebook, som har fjerna dei gruppene som driv marknadsføring av pengespel i strid med retningslinjene.

I 2020 rapporterte vi også 15 pengespel-appar som bryt med det norske regelverket og Apple sine retningslinjer, og Apple fjerna desse. Tilsvarende rapportering blei gjort i 2019 og 2018. Vidare gjennomførte vi tilsyn med quiz-appen Primetime, som etter at vi sende varsel om vedtak, fjerna den ulovlege pengespelreklamen i appen.

### E-sportforbundet trekte seg frå samarbeid


Utanlandske spelselskap prøver å legitimere og marknadsføre seg gjennom samarbeid med norske aktørar. I 2020 inngjekk Norges E-sportforbund ein sponsoravtale med spelselskapet ComeOn. I samband med dette blei det 6. mai 2020 arrangert ein pressekonferanse som Norges E-sportforbund publiserte på si Facebook-side. Pressekonferansen og samarbeidet blei også omtala via pressemeldingstenesta til Mynewsdesk.com, der logoen til spelselskapet ComeOn blei eksponert.

På bakgrunn av dette informerte Lotteritilsynet om regelverket på området og om at eksponeringa av logoen til selskapet på pressekonferansen braut med marknadsførings- og formidlingsforbodet. Vi sende informasjonsbrev til Norges E-sportforbund, ComeOn og innehavaren av lokalet der pressekonferansen fann stad. Norges E-sportforbund valde like etter å trekke seg frå samarbeidet med ComeOn. Saka viser at det er mange aktørar som ikkje veit at dei utanlandske spelselskapa ikkje har lov til å tilby pengespel i Noreg, og som tar avstand frå å samarbeide med spelselskapa når dei blir gjort kjende med regelverket.

### Informasjonsbrev til influensarar

Lotteritilsynet får kvart år mange tips om ulovleg marknadsføring av pengespel på norske Internett-domene. Marknadsføringa skjer i form av omtale og lenker til utanlandske pengespelselskap og kasinoportalar. I 2020 gjennomførte vi tilsyn der vi kontrollerte fleire hundre nettsider. Dette resulterte i fleire varsel og vedtak med pålegg om stans.

Også i 2020 følgde vi opp tips om ulovleg marknadsføring av pengespel frå influensarar (bloggarar og kjendisar) som har store følgarmassar på Instagram og Twitch. Mange av følgarane deira er unge og utgjør ei sårbar gruppe når det gjeld risiko for speleproblem. Fleire av influensarane og profilane stoppa den ulovlege marknadsføringa etter å ha fått informasjonsbrev frå Lotteritilsynet.



## Internasjonalt arbeid legg grunnlaget for dialog og samarbeid

Pengespelmarknaden blir stadig meir global, og internasjonalt arbeid blir stadig viktigare.

For at regelverket vårt skal ha ønskt effekt, er vi avhengige av å sikre at både internasjonale kollegaer og pengespelbransjen har nok kunnskap om den norske modellen og dei verktyøya vi har for å redusere problem med pengespel. Dei må òg forstå kva som er lov i Noreg. I 2020 hadde vi jamleg dialog med styresmakter og bransjeaktørar frå andre delar av verda, og vi deltok på fleire internasjonale møte.

Konkurrentane til Norsk Tipping og Norsk Rikstoto er store, internasjonale pengespelselskap som trass i det norske forbodet aktivt jobbar med å rekruttere norske kundar. Det er i dag fleire styresmakter som stiller krav om at operatørar som søker om lisens i deira jurisdiksjon, må respektere reguleringa i andre land og halde seg ute av marknader der dei ikkje er ønskte. Derfor er det viktig at vi informerer desse styresmaktene dersom deira lisensinnehavarar bryt norske reglar.

Under pandemien i 2020 vende mange styresmakter i større grad blikket innover mot sin nasjonale marknad. Internasjonalt arbeid har likevel vore høgt prioritert hos oss, sidan vi har erfart at dialog og samarbeid med internasjonale kollegaer gjer oss betre rusta til å beskytte pengespelmarknaden vår.

### Ute i verda før alt stengde ned

Trass i smittevern og reiserestriksjonar var Lotteritilsynet også i 2020 ein aktiv deltakar på den internasjonale arenaen. Før pandemien stansa all reiseaktivitet, rakk vi

å delta på CMS Gambling Conference i London. Der var vi med i eit panel som diskuterte kva som kjenneteiknar god regulering for ein pengespelmarknad. Noreg er framleis eit interessant døme på ei regulering som fungerer godt.

Som eit resultat av at Noreg ligg langt framme når det gjeld regelverk om betalingsformidlingsforbod og handheving av det, deltok vi ein i paneldebatt på seminaret Regulatory Challenges of Online Gambling i København. Vi var òg til stades på den store spelmessa ICE i London i februar. Der deltok vi på fleire arrangement i regi av GREF og IAGR. Tilsette i Lotteritilsynet er aktive i begge desse organisasjonane, og vi har styremedlemmer både her og i EASG.

Konferansane til GREF, IAGR og EASG blei avlyste i 2020, men styremøta blei gjennomførte via videokonferanse. Vi deltok dessutan på ulike arbeidsgruppemøte i regi av GREF. I 2020 kunne vi verkeleg hauste fruktene av det internasjonale nettverket vi har brukt mange år på å bygge opp. Vi har hatt god dialog med fleire internasjonale kollegaer om konkrete problemstillingar som har vore viktige for arbeidet vårt, mellom anna med styresmakter og andre fagpersonar i Finland, Danmark, Sverige, USA og Storbritannia.

Lotteritilsynet er òg representert i ei faggruppe i Verdas helseorganisasjon (WHO). Faggruppa blei etablert i 2019 og arbeider med folkehelse, pengespel og speleproblem. Grunna pandemien var det ikkje møte i gruppa i 2020.



Trude Felde (i midten), seniorrådgivar i Lotteritilsynet, på scena på CMS Gambling Conference i London under panelsamtale med blant andre Birgitte Sand frå Danmark (til venstre) og Yanica Sant frå Malta.



## Åtvarar tydeleg mot pyramidespel

Lotteritilsynet samarbeider med Økokrim og andre tilsyn om å stanse og åtvere mot ulovlege pyramidespel. Vi ser at det er viktig både å stanse pyramidespel og å stanse og reagere mot gjengangarar som innfører internasjonale pyramidespel i Noreg.

Dei selskapa vi fekk flest tips og førespurnader om i 2020, var Cash FX, Crowd1, InCruises og Lyoiness.

Lotteritilsynet åtvarar folk tydeleg mot å delta i noko som kan likne på pyramidespel. Vi snakkar dagleg med personar som tar kontakt om ulike pyramidekonsept.

Finanstilsynet publiserte ei eiga marknadsåtvaring på nettstaden sin om verksemda Cash FX Group / CFX team Norge, som driv med investering utan å ha konsesjon. Både Lotteritilsynet, Økokrim, Forbrukerrådet, DNB og Danske bank har gjennom media advart mot dette og andre selskap som driv med investering utan at dei har konsesjon til det, og som tener pengar på rekruttering av stadig nye medlemmer i ein pyramidestruktur.

### Lyoiness-saka lagd bort av politiet

I 2019 bad Lotteritilsynet for første gong om politietterforskning av straffbare forhold knytte til eit ulovleg pyramide-

liknande omsetningssystem. I Lyoiness kjem inntektene i hovudsak frå verving av deltakarar. I løpet av få år har 175 000 nordmenn og 1 000 bedrifter blitt verva til å delta. Nesten 15 000 menneske har betalt nær 500 millionar kroner til Lyoiness utan å få handfaste produkt med tilsvarende verdi i retur.

I 2020 la politiet bort Lotteritilsynet si politimelding av Lyoiness på grunn av manglande kapasitet til å etterforske ei så ressurskrevjande sak. Lotteritilsynet klaga på at saka blei lagd bort, men politiet endra ikkje avgjerda.

Vi har likevel oppnådd mykje med tilsynssaka nasjonalt og internasjonalt. Tips og andre opplysningar vi har fått, kan tyde på at vi har fått stoppa den ulovlege pyramideverksemda til Lyoiness i Noreg. Lyoiness er også vurdert som ulovleg i fleire land. Lotteritilsynet sin innsats overfor Lyoiness har vidare lagt forholda til rette for eit tettare samarbeid med Økokrim om pyramidesakene.

## Fekk fleire tips om kampfiksing – varsla laga før start

Eit av måla til Lotteritilsynet er å hindre manipulering av idrettskonkurransar i Noreg. Sjølv om idrettsåret 2020 var sterkt prega av korona, fekk vi tips om kampfiksing som førte til sanksjonar. I løpet av året hjelpte vi også Finland med trusselvurderingar av 15 idrettar, og vi jobba med oppfølging av Macolin-konvensjonen.

Lotteritilsynet har sekretariatsansvar for å utarbeide ein strategiplan for arbeidet mot manipulering av idrettskonkurransar i Noreg. Den opphavlege planen var at strategiplanen skulle bli ferdig i løpet av 2020. Sidan både Lotteri- og stiftelsestilsynet og samarbeidspartnarane våre har måtta gjere omprioriteringar som følge av pandemien, har dette blitt utsett. I 2020 skulle vi etter planen gjennomføre ei spørjeundersøking for å kartlegge omfanget av kampfiksing i Noreg. Undersøkinga skulle sendast til utøvarar og trenarar innan utvalde idrettar. Verken denne eller dei halvårlege møta i samarbeidsforum og Group of Copenhagen lét seg gjennomføre i koronaåret.

### Mange konkurransar avlyste – likevel høg aktivitet

Koronapandemien førte til at det meste av aktivitet i Idretts-Noreg stoppa opp store delar av året. Av dei 47 tipsa om manipulering av idrettskonkurransar som kom inn i 2020, kravde elleve nærare vurderingar. Vi fekk langt fleire tips i 2020 enn i 2019, men mange av tipsa var utan substans.

I januar fekk vi inn eit tips om at utøvarar i ein idrett hadde blitt kontakta med førespurnad om å manipulere ein kamp. Tipset kom same dag som kampen skulle spelast. Politiet ved Økokrim og det aktuelle idrettsforbundet blei kopla inn, og risikoen for manipulering blei redusert ved at begge lag blei informerte om situasjonen i garderoben før kampstart. Også i desember fekk vi tips om risiko for manipulering same dag som ein kamp skulle spelast, og igjen blei det aktuelle idrettsforbundet varsla og fekk informert laga før kampstart.

Ved at vi orienterer om at vi har fått tips og følger med, meiner vi at terskelen for eventuelle manipuleringsforsøk blir høgare.

Sommaren 2020 blei det òg sanksjonert mot ein utøvar i ein lagidrett. Saka begynte med eit varsel som kom inn til oss. Etter behandling i det aktuelle idrettsforbundet enda det med utestenging frå idretten i ni månader.



### Følger opp Macolin-konvensjonen

Konvensjonen mot manipulering av idrettskonkurransar (Macolin-konvensjonen) er signert av 39 land og ratifisert av sju. Noreg var det første landet som ratifiserte konvensjonen. Det skjedde allereie i 2014.

I november deltok vi, som koordinator for den nasjonale plattformen, i dei første møta i oppfølgingskomiteen til konvensjonen. Komiteen består av representantar frå dei landa som har ratifisert konvensjonen. Hovudoppgåva til komiteen er å sjå til at landa handhevar konvensjonen, og å komme med tilrådingar om korleis alle relevante aktørar best skal kunne samarbeide.

På møta blei vi einige om retningslinjer og mandat for komiteen. Vidare diskuterte vi korleis vi skal sørge for at Macolin-konvensjonen blir følgd opp av land som signerer og ratifiserer han.

### Hjelpete Finland med trusselvurderingar

I 2019 gjennomførte vi trusselvurderingar for sju utvalde idrettar i Noreg, basert på den australske nasjonale plattformen og med metodologi utvikla av australsk etterretning. Vi såg blant anna på trusselnivået for manipulering av idrettskonkurransar i Noreg og på kor godt rusta dei ulike idrettane er til å møte desse truslane.

I 2020 brukte vi kompetansen vi tileigna oss året før, til å hjelpe Finland med trusselvurderingar av 15 idrettar.

Gjennom samarbeidet fekk vi styrkt vår forståing av metodologien, samtidig som vi fekk innsikt i ulikskapane mellom Noreg og Finland.

Basert på erfaringa frå arbeidet med trusselvurderingar skal vi i 2021 hjelpe den svenske nasjonale plattformen med ei tilsvarende øving. Ved at vi bruker same metode og dei same omgrepa, vil det vere mogleg å samanlikne situasjonen og marknaden på tvers av landegrensar.

## Lotteri og bingo: Meir speling på nett på grunn av stengde hallar

Korona sette sitt preg også på lotteri- og bingomarknaden i 2020. Smittevernrestriksjonar førte til at bingohallar måtte stenge, og at foreiningsbingo blei uaktuelt. Samtidig såg vi ein stor auke i tal personar som spelar bingo på nett.

For bingobransjen blei det full driftsstopp ved bingohallane frå den nasjonale nedstenginga 16. mars 2020. Denne situasjonen varte til og med 10. mai. Grunna avgrensingar i arrangement og sosiale samankomstar blei det heller ikkje høve til å arrangere foreiningsbingo.

I 2020 gav Lotteritilsynet nokre dispensasjonar frå bingo-forskrifta når bingohallar måtte stenge på grunn av koronarrestriksjonar. Desse dispensasjonane var knytte til hovudspel av bingo på nett, og vi gav dei for å sikre ei viss omsetning for bingohallane og eit visst overskot til frivillige lag og organisasjonar.

Dispensasjonane gav spelarar høve til å knyte seg til bingohallane på nett utan først å registrere seg fysisk i bingohallen. Det sikra bingoentreprenørane omsetning. Når spelarane skulle registrere seg, måtte dei logge på med MinID. Ansvarlegheit er det viktigaste målet i pengespelpolitikken, og målet vårt er å førebygge negative konsekvensar av pengespel. Når det blei gitt dispensasjonar, blei det også innført restriksjonar knytte til marknadsføring av spela. Det var mellom anna ikkje lov å sende direkte oppmoding til spelarar om å spele for å sikre at tilbodet blei ført vidare, eller for å skaffe inntekter til lag og organisasjonar.

Vidare gav Lotteritilsynet høve til å avvike frå kravet om «tradisjonelt, papirbasert lotteri» ved avvikling av smålotteri

(omsetning under kr 200 000). Mange av dei tradisjonelle smålotterier skjer ved sal på dørene i nabolaget og ved bruk av kontantar. Dette var situasjonar som ein grunna korona måtte unngå. I staden opna vi for å melde inn loddkjøp via til dømes sosiale medium og til å betale ved bruk av Vipps.

### Ulike typar tilsyn med bingo: Færre kontrollar i bingohallane

Lotteritilsynet gjennomførte i 2020 færre kontrollar i bingohallar enn tidlegare år. Hovudårsaka var stengde hallar og koronasituasjonen. Bingohallane der vi gjennomførte kontrollar, valde vi mellom anna basert på vurderingar av risiko og vesentlegheit, tips og tema. Risikovurderingar gjer vi hovudsakleg ut frå kvar det er størst sjanse for brot på regelverket. Vi er særleg merksame på forhold som tilseier at lag og organisasjonar ikkje får utbetalt overskot frå bingoløyyvet. Kontrollane kan vere fullstendige, eller dei kan bestå av oppfølging av varsel og pålegg.

I 2020 gjennomførte vi fem bingokontrollar, noko som er vesentleg færre enn det brukar å vere. Til samanlikning gjennomførte vi i 2018 og 2019 høvesvis 23 og 14 bingokontrollar. Årsaka til nedgangen i 2019 var at det i januar dette året kom ei endring i bingo-forskrifta som gjorde at bingoentreprenørane fekk seks månader på seg til å tilpasse seg endringane. Vi utsette derfor bingokontrollane til hausten for å følge opp endringane.

### Sjekka rundt 220 rekneskap kvart kvartal

Bingoentreprenørane skal kvart kvartal sende inn bingo-rekneskap til Lotteritilsynet. I 2020 kontrollerte vi rundt 220 bingorekneskap kvart kvartal. Kvar rekneskap skal vere dokumentert med bankutskrift som viser faktisk utbetalt overskot til lag og foreiningar. Halvårleg bingorekneskap skal stadfestast av revisor. Rekneskapane blir også kontrollerte mot tal frå Norsk Tipping. Vanlegvis er fristen for å utbetale overskot for første kvartal 15. april, men på grunn av covid-19 fekk bingoentreprenørane utsett fristen til 1. juli.

### Omfang av bingo spel

#### Hovudspel på nett: kraftig auke i omsetninga

Som ei følge av endringar i bingo forskrifta blei det i 2019 høve til å spele hovudspel på nett.

Med hovudspel meiner vi det tradisjonelle bingospelet som ein tidlegare berre kunne spele på papir. Spelarane må registrere seg ved personleg oppmøte i hallen der dei ønsker å delta, før dei kan begynne å spele på nett.

Leverandørane kom i gang med nettspel på ulike tidspunkt. Ved utgangen av 2020 var det tre leverandørar av hovudspel på nett.

Måltal/år:	Per 31.12.2019:	Per 30.09.2020:
Brutto omsetning frå hovudspel på nett	39 590 220 kr	150 317 975 kr
Brutto omsetning frå hovudspel totalt	1 080 838 711 kr	555 574 390 kr
Andel hovudspel på nett av total omsetning	3,7 %	27,1 %
Tal bingo hallar med hovudspel på nett	84	131

Då bingo hallane i mars blei pålagde å stenge fysisk på grunn av koronapandemien, såg vi ein stor auke i talet på bingo hallar som tilbydde hovudspel på nett. Tala Lotteritilsynet henta inn, viser ein markant auke i omsetning og tal spelarar frå veke 11 til veke 12. Deretter var det ein gradvis, men mindre auke inntil det flata ut i vekene før bingo hallane opna igjen i mai 2020. Omsetninga gjekk då relativt mykje ned, og talet på nye spelarar stabiliserte seg.

I november 2020 kom det nytt pålegg om stenging av bingo hallar for regionar med høgt smittepress. Nokre av desse bingo hallane var framleis stengde per 31.12.2020.

Det er vanskeleg å komme med ein konklusjon om kva effektar det har at spelarar no kan delta i hovudbingo spel på Internett. Vi kan nok anta at dette tilbodet fekk ein «kunstig» rask auke i både omsetning og spelartal då hallane blei pålagde å stenge fysisk. Det blir spennande å sjå om spelarar har flytta permanent over på nett – også etter at hallane opnar igjen. Dette vil vi forhåpentlegvis kunne seie meir om i løpet av 2021.

### 233 fekk løyve til entreprenørbingo

Dette er bingoar som blir drivne av ein profesjonell aktør, og der godkjende organisasjonar skal ha delar av overskotet frå bingo spela. Ved utgangen av 2020 var det 48 entreprenørar som dreiv bingo hallar. Entreprenørane driftar alt frå 1 til 27 bingo hallar.

I 2020 gav Lotteritilsynet 233 løyve til å arrangere entreprenørbingo. Seks av desse løyva blei ikkje starta opp. Av desse seks var tre løyve til nystarta bingo hallar frå desember 2020. Desse bingo hallane fekk ikkje starte opp som planlagt grunna lokale eller regionale smitteverntiltak. Dei andre tre bingo løyva blei ikkje starta opp, sidan Lotteritilsynet trekte tilbake autorisasjonen til bingoentreprenøren. Årsaka var mellom anna alvorleg brot på bingo forskrifta og juks med omsetningstal.

Dei resterande 227 løyva var fordelte på 223 bingo hallar for heile 2020. Kor mange formålmottakarar som er knytte til kvar bingo hall, varierer frå to til 52. Per tredje kvartal 2020 har dette gitt inntekter til 3 072 organisasjonar.


### Forventa nedgang i foreiningsbingo

I 2020 gav vi 139 løyve til foreiningsbingo fordelt på 161 lag og organisasjonar. Det er ein reduksjon frå 2019, då det var 160 løyve fordelt på 189 organisasjonar. Ein reduksjon i omfanget på foreiningsbingo var å forvente med tanke på covid-19-restriksjonane.

Til radio-/TV-bingo gav vi 72 løyve fordelt på 57 organisasjonar. Også her var det ein reduksjon frå 2019, då det var 76 løyve fordelt på 62 organisasjonar. Vi forventar likevel at dei samla inntektene frå radio- og TV-bingo vil auke på grunn av stenging av bingo hallar og foreiningsbingo.

### Mange mista lotterigodkjenninga

Alle organisasjonar som skal ha større lotteri eller få utbetalt overskot frå bingo, poker eller spel på skip, må vere godkjende som lotteriverdige organisasjonar. I 2020 godkjende vi 121 organisasjonar, mot 152 i 2019. Også i år var dei fleste i kategoriane idrett og interesseorganisasjonar.



I løpet av året mista totalt 232 organisasjonar godkjenninga som lotteriverdig organisasjon. Dei fleste (183) av desse mista godkjenninga på grunn av manglande rekneskapsrapportering. Av dei som mista godkjenninga, var det totalt 75 organisasjonar som hadde aktive løyve til lotteri/bingo. Når dei mistar godkjenninga, blir lotteri- og bingoøyvet samtidig trekt tilbake. Dermed mistar organisasjonane forventna inntekter frå desse løyva.

Andre organisasjonar mista godkjenninga si mellom anna fordi dei er sletta frå Einingsregisteret, fordi dei ikkje lenger tilfredstillar krava til å vere lotteriverdige, eller fordi dei ikkje nyttar lotterimidlar i tråd med løyvet.

### Redusert aktivitet på lotterimarknaden

Hovudsakleg er det frivillige lag og organisasjonar som driv med tradisjonelle lotteri. Også avvikling av lotteri blei påverka av pålagde smitterverntiltak grunna korona. Som forventna har det vore redusert aktivitet her. Det har vore vanskelegare med tradisjonelt loddsal på dørene. Tidlegare har folk ofte betalt for slike lodd med kontantar. Kontantsal, med handtering av papirpengar og myntar, har vore avgrensa av omsyn til smitterverntiltak.

### Lotteri med omsetning mellom 100 millionar og 300 millionar kroner

Lotteritilsynet gav i 2017 løyve til fem store lotteri med ni års varigheit. I 2020 hadde to av desse avslutta sine lotteri.

Krav:

- Organisasjonen må vere samfunnsnyttig eller humanitær.
- Internasjonal aktivitet må utgjere minst 50 prosent av dei samla rekneskapsførte driftskostnadene til organisasjonen.

### Lotteri med omsetning mellom 200 000 og 100 millionar kroner

I 2020 gav Lotteritilsynet gav 91 løyve til store lotteri. Det tilsvarande talet for 2019 var 124.

Krav:

- Det må vere tradisjonelle førehands- eller etterhandstrekte lotteri.
- Lotteria må haldast med skrapelodd eller rivelodd.

### Lotteri med omsetning under 200 000 kroner (smålotteri)

2 181 organisasjonar har fått aksept for smålotteri som er melde til Lotteritilsynet. Også for denne typen lotteri har det vore ein klar nedgang frå tidlegare år, noko som heng saman med smitterverntiltak og restriksjonar knytte til covid-19. Til samanlikning var det meldt inn 2 847 smålotteri i 2019.

Krav:

- Desse lotteria er ikkje søknadspliktige, men skal meldast til Lotteritilsynet seinast 14 dagar før loddsalet startar.
- Rekneskap skal leverast seinast fire veker etter at lotteriet er avslutta.



## Basar

Etter lotterilova er basar den enklaste forma for lotteri. Eit vilkår for basar er mellom anna at loddkjøparen er fysisk til stades på arrangementet, og at loddsal og trekning skjer under arrangementet. I periodar har det vore direkte forbod mot arrangement, og i tillegg har styresmaktene anbefalt å avgrense sosial kontakt. Lotteritilsynet har fått tilbake-

melding frå lokale lag og organisasjonar om at dei har mista det som tidlegare har vore sikre inntektskjelder. På grunn av covid-19 har dei gjennom store delar av 2020 ikkje hatt høve til å arrangere basar.

Lotteritilsynet får ikkje tal/rapportar frå basarar.

## Nøkkeltal på lotteriområdet

Område/år	2016	2017	2018	2019	2020
Godkjende organisasjonar per 31.12	5351	5378	5349	5255	5144
Autoriserte entreprenørar per 31.12	109	110	105	99	98
Løyve til entreprenørbingo	248	248	264	246	233
Bingohallar med løyve i løpet av året	235	238	241	234	229
Løyve til foreinings- og radio-/TV-bingo	255	241	222	236	211
Aktive store lotteri (kr 200 000–100 mill.)	119	126	129	124	91
Aktive smålotteri (under kr 200 000)	2419	2610	2702	2847	2181

## Fleire nordmenn har problem med pengespel

Fleire slit med spelinga si, og langt fleire spelar på dei konstant tilgjengelege spela på mobiltelefonen. Det krev fleire tiltak som skal førebygge speleproblem og hjelpe dei som allereie slit.

55 000 nordmenn har speleproblem. Det viser ei ny undersøking som Universitetet i Bergen har utført for Lotteritilsynet, og som blei presentert i 2020. Undersøkinga viser ein auke frå 34 000 problemspelarar, samanlikna med førre undersøking, som blei publisert i 2016. Samtidig er det fleire som er i risikosona for å få speleproblem: 122 000 er moderate risikospelarar no, mot 88 000 i 2016.

### Mobilen er som eit kasino i lomma

Det er mange grunnar til at fleire får speleproblem eller har risiko for å få det. Universitetet i Bergen peikar på at det er fleire nordmenn som spelar, og at det blir satsa meir pengar.

Av dei nye problemspelarane er det like mange kvinner som menn, ifølgje kartlegginga. Men totalt sett er det framleis fleire menn med problem. Forskarane ser også ei dreining frå spel med låg risiko til spel med høgare risiko for speleproblem, til dømes odds- og kasinospel. Deltakarane i undersøkinga rapporterer også om auka reklameeksponering og påverknad frå reklame.



Samstundes spelar langt fleire enn før pengespel via Internett. Særleg har auken vore stor for dei som spelar via smarttelefon, og som praktisk talt har eit kasino i lomma. Talet på personar som spelar pengespel på mobiltelefon, har meir enn dobla seg sidan førre undersøking. Og her er spela konstant tilgjengelege.

Undersøkinga viser at det er risiko- og problemspelarar både hos lovlege og ulovlege aktørar. Det er likevel først og fremst dei ulovlege pengespelselskapa som bekymrar Lotteritilsynet. Dei tilbyr dei mest risikofylte spela, men har ikkje dei obligatoriske ansvarlegheitsverktøya. Det er hos dei ulovlege selskapa at dei negative konsekvensane av problematisk spel er størst, mellom anna fordi dei ikkje har maktgrenser for kor mykje ein kan tape på spel.

### Spelarane er blitt meir positive til ansvarlegheitstiltak

Undersøkinga viser også at det no er fleire som er positive til ansvarlegheitstiltaka og mekanismane som regulerer pengespel, enn det var for fire år sidan. Det er yngre spelarar, dei som har problem, og dei som er i risikosona for å få speleproblem, som er mest positive til ansvarlegheitstiltaka.

### Fakta om undersøkinga:

30 000 personar i alderen 16–74 år blei tilfeldig trekte ut frå Folkeregisteret og inviterte til å delta. Totalt fekk vi inn 9 248 valide svar etter to puringar. Svarprosenten var på 32,7 prosent. Datainnsamlinga blei gjennomført hausten 2019, og den ferdige rapporten blei publisert i mai 2020. Oppdraget var lyst ut i ein open anbodskonkurranse, og Universitetet i Bergen var den einaste aktøren som kom med tilbod.

## Fleire tiltak lanserte etter undersøkinga

Resultata frå undersøkinga har ført til ein debatt rundt dei pengespela som har høgast andel av det vi definerer som moderate risikospelarar og problemspelarar.

Som følge av funna i rapporten har Lotteritilsynet fått i oppdrag å vurdere registrert spel for databingo-terminalar som er utplasserte i bingo-hallar. Databingo er blant spela som har høgast andel av moderate risikospelarar og problemspelarar. Registrert spel, der kvar spelar har ein unik profil for pålogging, er ein føresetnad for å kunne tilby spelaren verktøy som avgrensar skadar, til dømes tapsgrenser. I mars 2021 skal vi levere ei utgreiing om dette til Kulturdepartementet.

### Nye terminalar gir spelaren meir oversikt

I den norske marknaden er det Belago-automatane Norsk Tipping har utplassert i bingo-hallar, som har høgast tal på moderate risikospelarar og problemspelarar. I motsetning til databingo har Belago allereie skadeavgrensande tiltak. Her må spelaren sette personlege tapsgrenser før spel. I tillegg har spelet øvre tapsgrenser på 900 kroner per dag og 4 400 kroner i månaden.



Samstundes har Norsk Tipping innført pålogging med to trinn på desse terminalane, der eitt av trinna er ein kode spelaren får tilsendt på mobiltelefonen. Det har redusert omsetninga i Belago-segmentet, sidan det har gjort det vanskelegare å omgå ansvarlegheitstiltaka. Til dømes blir det vanskelegare å låne spelarkort frå andre. Norsk Tipping er også i gang med å bytte ut Belago-terminalane med nye terminalar, som blant anna vil gi spelaren tilgang til spelrekneskap. Det skal bevisstgjere spelaren på kor mykje han eller ho taper.

### Sette ned tapsgrensene

Norsk Tipping har også innført førebelse tiltak for kasinospela dei har på nett. Tiltaka er baserte både på resultata frå befolkningsundersøkinga og på tilhøva under covid-19-pandemien. Mellom anna er dei øvre tapsgrensene for dag og månad redusert frå høvesvis 4 000 kroner per dag og 10 000 kroner per månad, til 2 000 kroner per dag og 7 500 kroner per månad. Det er også innført vesentleg lengre obligatorisk pause etter ein times spel. Pausen er utvida frå 90 sekundar til 15 minutt, noko som skal ha ein kjølande effekt på problematisk spel.

## Koronapandemien påverka tala for Hjelpelinjen

Litt færre personar tok kontakt med Hjelpelinjen i 2020 enn året før. Mest markant var nedgangen i mars og april. Men langt fleire besøkte nettstaden [www.hjelpelinjen.no](http://www.hjelpelinjen.no).

Det var hurtige kasinospel på nett som dominerte samtalanene hos Hjelpelinjen også i 2020. Desse spela stod for over 50 prosent av førstegongssamtalane. Like mange tok kontakt om kasinospel i 2020 som i 2019, sjølv om det totalt sett var 11 prosent færre førstegongssamtalar i 2020 enn det var året før.

Totalt var det 689 som tok kontakt med Hjelpelinjen om speleproblem i 2020, mot 764 i 2019. 601 tok kontakt via telefon og chat, medan 88 tok kontakt via e-post.

Det er vanskeleg å seie kvifor færre har tatt kontakt, men hjelpelinjene i både Sverige og Danmark har sett ein liknande tendens. Ei forklaring kan vere at mange har fått påverka arbeidssituasjonen sin. Folk tar i størst grad kontakt med Hjelpelinjen på dagtid. For dei som har vore heime på grunn av pandemien, har det truleg vore vanskelegare å kontakte Hjelpelinjen utan at familien høyrer det. At langt fleire har besøkt nettstaden, kan tyde på det same.

I slutten av januar 2020 blei det mogleg å kontakte Hjelpelinjen via chat. Eit forprosjekt viste behov for å utvide tilbodet på Hjelpelinjen, og årsstatistikken for 2020 viser at det i større grad er spelaren sjølv som tar kontakt på chat.



### Handlingsplan mot spilleproblemer 2019–2021

Planen har tre hovudmål:

- Færrest mogleg skal ha problem med spel.
- Kunnskap om spel og speleproblem skal aukast og delast.
- Problemspelarar skal identifiserast tidleg og få god behandling.

*Planen er laga av Lotteritilsynet, Medietilsynet og Helsedirektoratet.*

Tidlegare år var det oftast pårørende som tok kontakt. I 2019 utgjorde dei for eksempel 54 prosent. I 2020 var det spelarane sjølve som var den største gruppa: Dei utgjorde 49 prosent av alle som tok kontakt. For chat-samtalar var andelen spelarar som sjølv tok kontakt, 63 prosent. Pårørende utgjorde 30 prosent. Det tyder på at terskelen for å ta kontakt på chat er lågare enn på telefon, noko som er gledeleg. Tala viser også at dei som tar kontakt på chat, ikkje er vesentleg yngre enn dei som tar kontakt på telefon.

### Dette er Hjelpelinjen

Hjelpelinjen er eit samarbeid mellom Sykehuset Innlandet og Lotteritilsynet. Lotteritilsynet har resultatansvar og ansvar for informasjon og marknadsføring.

Hovudmålet med Hjelpelinjen er å hjelpe menneske i krise og vise dei vidare til anna hjelp eller behandling. Hjelpelinjen skal også samle informasjon og fakta om kva spel som er problematiske.

# Slik jobbar vi for å sikre ei sterk frivilligheit

I starten av året var vi godt i gang med planlegging og gjennomføring av både tilskotsordningar og tilsynsoppgåver. Men koronautbrotet i mars skulle vise seg å få store konsekvensar for den planlagde ressursbruken resten av året.

I løpet av kort tid måtte vi gjere store omprioriteringar, slik at vi blei i stand til å handtere oppgåva med å forvalte økonomiske krisepakkar til frivillig sektor. Både tilsynsarbeid, utviklingsarbeid og mykje anna måtte settast på sparebluss. Vi brukte det meste av kapasiteten vår på regelverksarbeid, etablering av søknadsportal og planlegging av saksbehandling. Vi måtte snu oss rundt og førebu oss på å ta imot eit stort tal søknader frå ein sektor i økonomiske vanskar.

Hovudprioriteringa gjennom heile året har vore å sikre at dei ordinære utbetalingane blei gjennomførte som planlagt, og at dei økonomiske krisepakkanne blei utbetalte så raskt som råd innanfor forsvarlege rammer. Sjølv om året 2020 blei heilt annleis enn vi hadde tenkt, så greidde vi å gjennomføre dette.

Lotteritilsynet har samtidig sikra ei forsvarleg forvaltning av dei faste tilskotsordningane på frivillighetsområdet, og vi har ført tilsyn med grasrotordninga.

Forvaltninga av dei ulike tilskotsordningane krev grundig planlegging. Evaluering, forventa endringar og risikokategorisering av alle søknader er sentralt for å prioritere riktig og sikre lågast mogleg risiko i gjennomføringa.

## Mål for lotteri- og stiftelsestilsynet:

3. Legge til rette for at overskudd fra pengespill og lotterier tilfaller helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur
5. Sikre en forsvarlig forvaltning av ordningene for merverdiavgiftskompensasjon som gjelder for frivillige organisasjoner og bygging av idrettsanlegg

### Styringsparametre:

- effektive tilsyns- og kontrolltiltak basert på risikoanalyse
- effektiv og rett saksbehandling i forvaltningssaker
- være en tydelig og relevant samfunnsaktør

(Frå Kulturdepartementets tildelingsbrev 2020)



## Slik fordelte vi milliardane i 2020

Om vi inkluderer krisepakkanne, fordelte vi i 2020 nærare 4,3 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjonar.

Av dette var 1,68 milliardar generell momskompensasjon, over 800 millionar kom frå overskotet til Norsk Tipping, og rundt 290 millionar var momskompensasjon til idrettsanlegg. I tillegg blei det i løpet av 2020 utbetalt rundt 1,5 milliardar kroner i dei ulike krisepakkeordningane.



Den totale ramma for dei tre krisepakkanne var i overkant av 2,3 milliardar kroner, og vi fekk inn totalt 15 652 søknader. Søknadsfristen for krisepakke 3 var 15. januar 2021, og saksbehandlinga blir truleg ferdig i mars 2021.

### Raske utbetalingar

For å sikre rask utbetaling av kompensasjon til organisasjonane stilte vi ikkje krav om dokumentasjon ved innsending av søknad.


Dermed kunne vi i stor grad gjere bruk av automatiserte kontrollar. Bruk av manuelle kontrollar skulle i hovudsak skje etter tildeling. For ein del av søkarane valde vi likevel å gjennomføre kontrollar før tildeling, basert på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering. Etersom tilnærminga vi valde, førte med seg auka risiko for misbruk av ordninga, har vi hatt jamleg dialog med Økokrim i form av faste møte og samarbeid om enkeltsaker. Erfaringa så langt er at det er få som forsøker å misbruke ordninga.

### Koronautbrotet og krisepakkanne

I 2020 førte utbrotet av covid-19 til at store delar av idretts- og frivilligheitssektoren fekk betydelege økonomiske utfordringar som følge av at arrangement og andre inntektsbringande aktivitatar måtte avlysast, stengast eller utsettast.

I tråd med Stortinget sitt budsjettvedtak av 31. mars 2020 fekk Lotteri- og stiftelsestilsynet i oppdrag å administrere ein økonomisk krisepakke retta mot organisasjonar innanfor frivilligheit, idrett og kultur. Vi fekk ansvaret for frivilligheit og idrett, medan Kulturrådet forvalta ordninga for kultur. Lotteri- og stiftelsestilsynet utvikla eit felles søknadsskjema for heile ordninga: Søknader frå organisasjonar som var registrerte i Frivilligregisteret, hamna hos oss. Dei andre blei sende til Kulturrådet.

Denne krisepakken blei i løpet av 2020 avløyst av ein krisepakke nummer 2 og deretter ein krisepakke nummer 3, ettersom smittesituasjonen i samfunnet heldt fram gjennom året. Felles for alle krisepakkanne var at dei hadde som mål å kompensere for inntektsbortfallet sektoren blei påført på grunn av råd eller pålegg frå offentlege myndigheiter i samband med covid-19-utbrotet.



Godt samarbeid på tvers av avdelingar og fagområde gjorde at Lotteri- og stiftelsestilsynet sjølv kunne utvikle og drifte ein eigen elektronisk søknadsportal for krisepakke 2 og 3 til idretten og frivilligheita. Av same grunn kunne vi også behandle eit høgt tal søknader på kort tid.

Veldig mange organisasjonar tok også kontakt på telefon, på e-post og via kontaktskjemaet på nettsida. For dei tre krisepakkanne samla svara vi på om lag 2 500 spørsmål på e-post og kontaktskjema, og enda fleire på telefon. Mange av desse spørsmåla handla om kor tid pengane ville bli utbetalt, sidan organisasjonane var i ein vanskeleg økonomisk situasjon.

Søkarane har hatt eit stort behov for å kunne orientere seg om ordninga, og det var derfor særst viktig å ha god og brukartilpassa informasjon på nettstaden vår.

### Nøkkeltal for dei tre krisepakane

I krisepakke 1 kunne organisasjonar søke om kompensasjon for tap av billettinntekt og deltakaravgift og meirutgifter ved avlysing, stenging eller utsetting av arrangement. Ordninga gjaldt for perioden 5. mars til og med 30. april 2020.

Tabell 1: Nøkkeltal for krisepakke 1

Tal søknader	Søknadsbeløp	Tal godkjende søknader	Tildelt beløp
2 254	372 064 975	2 105	271 745 306

I krisepakke 2 kunne organisasjonar søke om kompensasjon for tap av billettinntekt og deltakaravgift, men også for inntektsbortfall som følge av tapte inntekter frå blant anna utleigeverksemd og betalt dugnadsinnsats. Ordninga gjaldt for perioden 12. mars til og med 31. august 2020.

Tabell 2: Nøkkeltal for krisepakke 2

Tal søknader	Søknadsbeløp	Tal godkjende søknader	Tildelt beløp
6 803	1 578 977 713	6 723	1 054 359 473

Krisepakke 3 var i det vesentlege ei vidareføring av krisepakke 2, og gjaldt for perioden 12. mars til og med 31. desember 2020.


Tabell 3: Nøkkeltal for krisepakke 3 (til og med andre puljeutbetaling)

Tal søknader	Søknadsbeløp	Tal godkjende søknader	Tildelt beløp
6 595	1 317 069 924	1 424	147 696 610

### Utvalde nøkkeltal frå krisepakane samla

Størrelse søker	Antall søkere
1 Over 10 MNOK	22
2 Mellom 5 og 10 MNOK	39
3 Mellom 5 og 1 MNOK	517
4 Mellom 100 000 og 1 MNOK	4 033
5 Under 100 0000	4 870

### Tal søkarar for alle krisepakkar





## Nær 1,7 milliardar kroner i momskompensasjon

Søknadssummen for den generelle momskompensasjonsordninga var i 2020 på over 2,1 milliardar kroner. Vi fekk inn 2 019 søknader, og av dei blei 1 830 godkjende.


22 397 organisasjonar fekk utbetalt nærare 1,7 milliardar kroner, det vil seie at 81 prosent av den godkjende søknadssummen blei innvilga. Det var 600 fleire organisasjonar som fekk utbetalt momskompensasjon i 2020 enn året før.

### Fleire søknader og deltakande organisasjonar i 2020


Både tal søknader og søknadssummen aukar for kvart år. Søknadssummen auka med 1,84 prosent frå 2019 til 2020: frå 2,063 milliardar til 2,102 milliardar kroner. Dette er ein lågare vekst enn tidlegare år. Årsaka er mellom anna effektar av endra regelverk og moglege komplikasjonar knytte til pandemien. Sjølv om søknadssummen har hatt låg vekst i år, har talet på både søknader og mottakarorganisasjonar auka.

Av alle organisasjonane som inngjekk i ein søknad, var det 975 som ikkje fekk godkjent søknaden sin. Av desse var 179 enkeltstående søkarar, og resten var underledd eller aksjeselskap. Reduksjonen kjem i all hovudsak av endra regelverk knytt til registrering i Frivilligregisteret. Vi reknar med at fleire vil melde seg inn framover, og at denne utviklinga er mellombels. Tabellen viser utviklinga dei siste åra.


Samla tal søknader med avgjerd



Fordelt beløp samanlikna med samla søknadssum



Tal mottakarorganisasjonar



Søknadsår	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Tal søkarar	1 189	1 351	1 448	1 558	1 730	1 921	2 019
Tal organisasjonar	18 900	20 626	22 653	23 486	24 055	21 778	22 397
Tildelt/ramme (NOK 1000)	1 191 554	1 222 201	1 290 951	1 319 002	1 422 459	1 607 294	1 683 541
Søknadssum (NOK 1000)	1 484 043	1 597 299	1 720 704	1 864 335	1 977 442	2 063 058	2 101 809
Godkjend søknadssum (NOK 1000)	1 435 692	1 561 339	1 691 005	1 811 591	1 908 111	1 962 746	2 078 867
Innvilgingsprosent	83,00 %	78,30 %	76,30 %	72,80 %	74,50 %	81,90 %	80,98 %
Tal avslag / avviste søknader	149	174	161	162	176	220	173


## Tilskot frå speleoverskotet til Norsk Tipping blei framskunda

Søknadsfristen for denne ordninga er vanlegvis 1. september, og den årlege utbetalinga pleier å skje i fjerde kvartal. Grunna covid-19-utbrotet blei det bestemt at utbetalinga i 2020 skulle skje allereie i mai.

For å få dette til vedtok regjeringa 24. april ei mellombels forskrift som gjaldt for året 2020. At prosessen blei framskunda, medførte ekstra utfordringar for oss. Mellom anna måtte vi sørge for at potensielle søkarar fekk nødvendig informasjon. I tillegg til å legge ut generell informasjon på nettstaden vår tok vi derfor også direkte kontakt med organisasjonane som tok del i ordninga året før. Søknadsfristen blei sett til 4. mai, saksbehandlinga var ferdig 18. mai, og utbetalingane skjedde 19. mai.

Denne tilskotsordninga er retta mot store landsdekkande samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Formålet er å bidra til å trygge viktige samfunnsoppgåver på områda helse, sosiale tenester, krisehjelp, støttearbeid pluss natur-, miljø- og dyrevern.

Ordninga skal i tillegg sikre at sentrale rednings- og beredskapsoppgåver kan vidareførast. Dei tre beredskapsorganisasjonane Norges Røde Kors, Redningsselskapet og Norsk Folkehjelp får derfor ein fast årleg prosentdel av midlane. Andre organisasjonar må søke.



Av Norsk Tipping sitt samla speleoverskot går 18 % til fordeling gjennom denne ordninga. I søknadsåret 2020 var tilskotet som skulle fordelast, på 804,8 millionar kroner. Det blei fordelt slik:

- Norges Røde Kors – 254,3 millionar kroner
- Redningsselskapet – 156,9 millionar kroner
- Norsk Folkehjelp – 19,3 millionar kroner

Det resterande beløpet på 374,3 millionar blei fordelt mellom 43 landsdekkande samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar etter søknad.



## Full kompensasjon til idrettsanlegg

Vi fekk inn 535 søknader med ein samla søknadssum på 301,5 millionar kroner. Godkjend søknadssum var 289,6 millionar kroner, og det blei då gitt full kompensasjon. Det betyr at alle som fekk godkjent søknaden sin, fekk utbetalt beløpet dei hadde søkt om.

Vi avviste tre søknader og avsto to. 28 søkarar trekte dess-utan søknadene sine. Avslaga fordeler seg slik:

	2017	2018	2019
Søknadsbeløp under minstegrensa	4	0	0
Ikkje rett søknadsobjekt	9	1	1
Mangla revisorattest	19	6	8
Andre manglar ved søknadane	21	9	12
	53	16	21

Det er god kvalitet på søknadene som kjem inn, og det er lite skjønn knytt til denne saksbehandlinga. Likevel er det ein del tekniske manglar som krev oppfølging frå saksbehandlarane.


## Auke i godkjend søknadssum

Frå 2019 til 2020 var det ein liten reduksjon i tal søknader: frå 538 til 535. Den godkjende søknadssummen auka likevel med 18,6 millionar kroner og utgjorde 289,6 millionar kroner i 2020. Dette kjem i hovudsak av at søknadene omfatta fleire store anlegg i 2020 enn i 2019.


Sidan den totale søknadssummen for søknadsåret blir påverka av om det blir søkt om kompensasjon for store anlegg, er det vanskeleg å seie noko om forventa søknadssum for 2021. I 2021 er ramma for ordninga på 299 millionar kroner. Dei siste åtte åra har ein gitt ekstraløyvingar dersom ramma ikkje har vore stor nok til å dekke godkjent søknadsbeløp. Sidan starten i 2010 har det vore ein jamn auke i tal søknader.



Søknader om idrettsmoms i millionar kroner



Tal søkjarar idrettsmoms





## Fleire tar i bruk Grasrotandelen

Fleire av kundane til Norsk Tipping tar i bruk Grasrotandelen. Over 37 000 lag og foreningar deltar i ordninga. Tal givarar er no i overkant av 1,3 millionar.

Frivillige lag og foreningar i Noreg fekk i 2020 nær 717 millionar kroner i grasrotmidlar. Det er ein auke på 18,5 millionar kroner samanlikna med året før.

Sidan starten i 2009 er over 5,1 milliardar kroner blitt utbetalt til grasrota.

### Tilsyn førte til at sju mista retten

Lotteritilsynet sitt tilsyn med grasrotordninga førte til at sju grasrotmottakarar mista retten til å delta i ordninga i 2020.

Tilsyna som blei avslutta i 2020, førte til at tre organisasjonar blei utestengde på grunn av lite frivillig aktivitet. Tre andre organisasjonar blei utestengde fordi grasrotmidlane kom næringsinteresser, privatøkonomiske interesser eller typisk offentlege oppgåver til gode. Ein organisasjon blei utestengd grunna aktivitet utover det lokale eller regionale.

Grasrotandelen skal i størst mogleg grad komme lag og foreningar med frivillig aktivitet til gode. Desse midlane skal ikkje gå til nærings- eller privatøkonomiske interesser eller typisk offentlege oppgåver.

Etter at Lotteritilsynet i 2013 fekk ansvaret for tilsyn, har 174 organisasjonar mista retten til å delta i ordninga. Til saman 2,2 millionar kroner er betalte tilbake i perioden.

### Dette er Grasrotandelen

Ein spelar hos Norsk Tipping kan bestemme at 7 prosent av speleinnsatsen skal gå til eit lag eller ein organisasjon som er registrert i Frivilligregisteret og godkjend som grasrotmottakar av Brønnøysundregistra. Dette er Grasrotandelen som spelaren gir til «sitt» lag.

## Slik forenkler vi for frivilligheita

I 2020 har Lotteritilsynet fortsett det viktige arbeidet med å gjere det enklare og mindre byråkratisk å vere frivillig i Noreg.

Då vi opna for nye søknader om generell moms kompensasjon, var det eit nytt og moderne elektronisk søknadsskjema som møtte brukarane. I utviklingsarbeidet tok vi med frivillige organisasjonar i eit brukarpanel for å sikre at vi tok omsyn til deira behov. Tilbakemeldingane var gjennomgåande svært gode:

*«Dette er betydelig forbedring. Innlogget side og skjemaet er mer oversiktlig og enklere å orientere seg i. Det er veldig bra at man straks får feilmelding på organisasjonsnummer og Frivillighetsregisteret.»*

*Norges Jeger- og Fiskerforbund (sitat)*

Då vi i mars 2020 fekk ansvaret for den første krisepakken for idrett og frivilligheit, var det avgjerande å få på plass eit søknadsskjema på svært kort tid. Det var eit sentralt mål at løysinga skulle vere mest mogleg digitalisert. Arbeidet med nye søknadsskjema for dei ordinære ordningane våre var ikkje ferdig på det tidspunktet, og derfor måtte vi bruke ei mellombels løysing. Vi har gradvis fasa krisepakke inn på det nye søknadssystemet, noko som har bidratt til at brukarane har opplevd ordningane som enkle og byråkratiske.

### Nytt tilskotssystem

Utviklingsarbeidet med nye søknadsskjema og fagsystem for tilskotsforvaltning starta hausten 2019, og løysinga skulle etter planen takast i bruk i 2020. Som følge av krisepakke måtte vi gjere store omprioriteringar i utviklingsprosjektet, men vi klarte likevel å få på plass eit fagsystem vi kunne nytte i 2020. Dessverre måtte vi utsette fleire av delane som ikkje var kritiske for å gjennomføre utbetalingar, og dei blir truleg ikkje ferdige før i 2022.

Det er viktig for oss å få på plass løysingar som rustar oss for framtidig forenkling og utvikling i samsvar med stortingsmeldinga *Frivilligheita – sterk, sjølvstendig og mangfaldig* frå 2018. Målet med prosjektet er å fornye både tenestene våre overfor frivillig sektor og dei interne tekniske løysingane og arbeidsprosessane.

### Vegen vidare

I 2019 sette Kulturdepartementet i gang fleire initiativ for å innfri mål i frivilligmeldinga, mellom anna vidareutvikling av Frivilligregisteret og utvikling av ein nettportal med oversikt over alle statlege tilskotsordningar.

Lotteritilsynet bidrog i dette arbeidet i 2020, men også dette har blitt påverka av covid-19-situasjonen, og framdrifta har ikkje vore som planlagt.



## Slik jobbar vi for å sikre trygge stiftelsar

I 2020 har Stiftelsestilsynet jobba meir med førebyggjande tilsynsarbeid enn tidlegare år, og vi ser at det er eit viktig ledd i å sikre forsvarleg forvaltning av stiftelsar. Vi har også bidratt med verdifull ny kunnskap om norske stiftelsar og styrkt brukarane våre med ei meir effektiv søknadsbehandling

Skal vi sikre forsvarleg forvaltning og trygge stiftelsar, må vi ha ressursar til å ta i bruk dei sterkaste verkemidla i dei alvorlegaste sakene. Dette er i tråd med oppdraget vårt, strategien vår og samfunnet sine forventningar.

Kunnskapsbasert tilsynsarbeid betyr at vi bruker den kunnskapen vi har, til å velje dei riktige verkemidla for dei ulike områda og i dei ulike sakene.

I 2020 løyste vi fleire tilsynssaker ved hjelp av førebyggjande verkemiddel, som rettleiing og dialog, enn i 2019, og vi ser at det gir gevinst.



Dei fleste stiftelsane ønsker å følge lova. Når vi jobbar førebyggjande, kan vi nå dei stiftelsane som gjerne vil gjere ting rett, men som manglar den nødvendige kunnskapen eller kompetansen. Dette gjer at vi førebygger og avverjar alvorlege konsekvensar, samtidig som vi hjelper brukarane våre til å ta kunnskapsbaserte val. For denne gruppa er rettleiing og dialog det mest effektive verkemiddelet. Det er dessutan eit enklare verkemiddel, noko som gjer at vi kan nå fleire enn om vi skulle ha opna store, ressurskrevjande enkelttilsyn i saker der andre verkemiddel har like god effekt.

At vi no løyser fleire saker ved hjelp av rettleiing og dialog, gjer at vi har heva terskelen for å opne store tilsynssaker. På den måten kan vi også prioritere å bruke fleire og konsentrerte ressursar på saker der risikoen for alvorlege konsekvensar er stor. Vi ser også at samarbeid og kunnskapsdeling med andre aktørar er nyttig og effektivt.

Eit anna verkemiddel vi bruker for å jobbe førebyggjande utover tilsynssakene, er kunnskapsformidling. Til det er nettstaden vår ein sentral kanal, og målet er å gjere kunnskap og informasjon lett tilgjengeleg for mange. Vi ser at

trafikken på temasidene våre aukar, og det tyder på at vi når stadig fleire. Temasidene er i stor grad basert på samla læring frå dei enkelte tilsynssakene, og dermed blir relevant kunnskap tilgjengeleg også for andre stiftelsar.

Covid-19 har gjort 2020 til eit spesielt år, også for norske stiftelsar. For mange har inntekta blitt redusert, og restriksjonar og smittesituasjonen har gitt mange utfordringar med å realisere formål. Vi har sett behov for og prioritert å rettleie stiftelsar som har utfordringar på grunn av koronaviruset. På same tid ser vi også at fleire stiftelsar har bidratt aktivt med tildelingar og tiltak for å hjelpe andre som er råka av covid-19.

Søknadsmengda vår har blitt større, men samtidig har saksbehandlingstida vår gått ned. Fordi vi har standardisert søknadsbehandlinga vår, har arbeidet blitt meir effektivt utan at det har gått ut over kvaliteten. Vi ser likevel at vi har for mange mangelfulle søknader, og at det påverkar saksbehandlingstida. I 2020 starta vi ei oppussing av Samordna registermelding i samarbeid med Brønnpøysund-registera. Dette styrker brukarane våre, fordi det blir enklare

for dei å vite kva som skal vere med i søknadene, noko som igjen vil forenkle søknadsprosessen hos oss.

Eit viktig mål for oss er å gjere stiftelsar til ein attraktiv måte å bidra til samfunnet på. Dette gjer vi ved å sikre trygge stiftelsar gjennom tilsynsarbeid og forvaltning, men også ved å formidle kunnskap og vere fagekspertar på områda våre. I samband med lovarbeid og dialog med andre offentlege aktørar ser vi at det er manglande kunnskap om stiftelsar som organisasjonsform. Derfor tar arbeid med premissgiving og høyringar stadig meir av tida vår. I 2020 gjennomførte vi ei stor undersøking om samfunnsbidraget til norske stiftelsar. Undersøkinga har gjort det enklare å sjå det store bildet, og ho har gitt både oss og resten av samfunnet viktig og relevant kunnskap.

### Mål for lotteri- og stiftelsestilsynet:

#### 4. Sikre en forsvarlig forvaltning av stiftelser

##### Styringsparametre:

- effektive tilsyns- og kontrolltiltak basert på risikoanalyse
- effektiv og rett saksbehandling i forvaltningssaker
- være en tydelig og relevant samfunnsaktør

(Frå Kulturdepartementets tildelingsbrev 2020)

## Kunnskapsbasert tilsynsarbeid gir effekt

I 2020 har vi jobba målretta med rettleiing og informasjon, og vi har prioritert tilsyn og kontroll der risikoen for alvorlege konsekvensar er størst. Kunnskapsbasert tilsynsarbeid treffer dermed betre når det gjeld både ressursbruk og resultat.

Kunnskapsbasert tilsynsarbeid betyr at vi bruker dei kraftigaste verkemidla våre på dei mest alvorlege sakene, og enklast mogleg verkemiddel og minst mogleg ressursar på dei sakene som har lågast risikonivå.

Målet er at styret skal forvalte stiftelsen på ein forsvarleg måte og i samsvar med lova.



Vi bruker desse verkemidla:

- Førebyggjande tilsynsarbeid i form av kunnskapsformidling, til dømes via nettstaden vår eller informasjonsbrev.  
**Målgruppe:** stiftelsar som ønsker å følge lova, men som manglar kunnskap eller kompetanse.
- Førebyggjande tilsynsarbeid i form av direkte rettleiing med stiftelsane, til dømes dialogbasert tilsynsarbeid.  
**Målgruppe:** stiftelsar som ønsker å følge lova, men som ikkje alltid klarer det.
- Kontrollar, til dømes tematisyn eller systemtilsyn, der det ligg føre relevant risiko.  
**Målgruppe:** stiftelsar som ikkje klarer eller ønsker å etterleve lova, men som vi kan påverke.
- Opning av større tilsynssaker i dei mest alvorlege tilfella.  
**Målgruppe:** stiftelsar som har bestemt seg for å ikkje følge lova, eller som prøver å unngå lovkrav.

I 85 prosent av tilsynssakene vi avslutta i 2020, brukte vi førebyggjande verkemiddel: Vi rettleia styra, både skriftleg og ved dialog, eller peika på kva plikter dei har. Dette viser at vi jobbar meir førebyggjande enn tidlegare. I 2019 handterte vi rundt 65 prosent av sakene vi avslutta, med slik rettleiing og dialog. I tillegg ser vi at informasjonssidene på nettstaden vår har fleire visingar. Det kan tyde på at vi når fleire med kunnskap, og dermed førebyggar at tilsynssaker oppstår.

Å satse meir på førebyggjande tilsynsarbeid gir gevinst på fleire måtar. Vi kan førebygge eller avverje saker som seinare kunne blitt tilsynssaker med moderat eller stor risiko for alvorlege konsekvensar for stiftelsen. I tillegg får

brukarane våre hjelp til å ta kunnskapsbaserte val. Det fører også til at vi jobbar smartare, og at vi kan bruke nok ressursar og dei kraftigaste verkemidla i dei største og mest alvorlege sakene.

### Tilsynsarbeidet i 2020

Vi oppretta 227 nye tilsynssaker i 2020.

Når vi får inn saker, gjer vi ei risikovurdering basert på kunnskapen vi har om området og overvakinga av det. Vi vurderer kva saker vi kan løyse ved hjelp av rettleiing og dialog, og kva saker som krev kraftigare verkemiddel. Dette gjeld både når vi følger opp enkeltmeldingar og tips, og når vi vel problemstillingar eller tema vi fører tilsyn og kontroll med.

Oversikt over saker vi har oppretta, og korleis vi har følgd dei opp:

	2018	2019	2020	Oppfølging
<b>Nye saker der vi ser avvik eller risiko for avvik</b>	<b>322</b>	<b>251</b>	<b>227</b>	
Frå revisorbrev	157	137	149	Alle revisorbrev og tips blir risikovurderte. Dei fleste revisorbrev blir følgde opp ved at vi rettleiar og påpeikar plikter. Dersom tipsa gjeld forhold med høg risiko, gjennomfører vil tilsyn og kontroll.
Frå tips/meldingar	67	59	45	Alle saker blir risikovurderte. Oppfølginga av saka og val av verkemiddel følger av den dokumenterte risikovurderinga.
Ekstern varsling om forhold i stiftelse	0	4	2	Alle offentlege verksemder er pålagde å ta imot varsling i samsvar med nasjonale retningslinjer. Desse følger vi opp på same måte som tipsa.
Media og annan overvaking mv.	14	0	8	Vi overvaker media og fangar opp saker som vi risikovurderer. Dei fleste følger vi opp med rettleiing, men ved forhold med høg risiko gjennomfører vi tilsyn og kontroll.
Bakgrunn i søknadskontroll	2	1	3	Vi saksbehandlar søknader om omdanning frå stiftelsane. Under kontroll av dokumentasjon kan vi oppdage risiko som vi må følge opp.
Systemtilsyn – standardavvik henta frå offentlege register:	54	44	17	Konkrete avvik vi fangar opp: Vi sender ut brev med påminning og informasjon om plikter både dersom det ikkje er registrert revisor eller styre, eller dersom det ikkje er levert årsrekneskap. Dette sender vi samla til dei aktuelle stiftelsane som systemtilsyn.
– ikkje registrert revisor	21	22	6	
– ikkje registrert styre	9	1	1	
– ikkje levert årsrekneskap	11	11	4	
– manglar i revisjonsberetning	2	0	5	Saker der vi ser at revisor ikkje har uttalt seg om utdelingar: Vi sender brev med påminning til revisor.
– spørsmål knytt til heimel til fast eigedom	7	6	0	Saker der vi ser at stiftelsane ikkje har eintydig heimel til fast eigedom, f.eks. at dei manglar organisasjonsnummer i grunnboka: Vi sender brev og ber om styret si vurdering av risikoen for stiftelsen og av behovet for korrekt registrering for å sikre forsvarleg forvaltning.
– andre avvik	4	4	1	
Tematilsyn	21	0	0	Her fører vi tilsyn med fleire stiftelsar samtidig om same tema. I 2020 var det planlagt eit tematilsyn med formålsrealiseringa i stiftelsane. Tematilsynet er utsett til våren 2021 på grunn av covid-19.
Andre saker	7	6	3	

Vi oppretta 24 færre saker i 2020 enn i 2019. Årsakene er at vi har hatt færre registrerte standardavvik, og dermed færre systemtilsyn. Vi fekk også noko færre meldingar og tips i 2020. Det kan vere på grunn av normale svingingar.

### Meir dialogbasert tilsynsarbeid

I 2020 har vi gjort meir dialogbasert tilsynsarbeid og rett-leia meir enn tidlegare år. Det betyr at vi i ein tidleg fase går i dialog med styra, slik at dei får høve til å gjere viktige vurderingar på riktig måte før dei tar avgjerder. Dermed legg vi til rette for forsvarleg forvaltning av stiftelsen før styra tar avgjerder som er uforsvarlege eller ulovlege, og dermed avverjar vi også store tilsynssaker.

Dialogbasert tilsynsarbeid er særleg aktuelt når vi får meldingar frå styret sjølv, revisor eller andre, eller når vi fangar opp saker i media. Vi vel dialogbasert tilsynsarbeid i saker med utfordringar som gir risiko for manglar i styret sine avgjerder, noko som igjen kan gå utover stiftelsen sine interesser.

Vi har hatt fleire videomøte med samla styre, der vi går gjennom behov for informasjon, kjem til avklaringar og tydeleggjer kva tiltak dei må sette i verk for å sikre at dei driv stiftelsen på ein forsvarleg måte.

Sakene i 2020 har handla om konflikthar i styret og manglar i styrearbeidet som kan gå utover stiftelsen, eller om at styret har starta opp endringsprosessar tilsynelatande utan å vurdere kva som er forsvarleg og lov. Då må vi stille spørsmål om dette for å trygge stiftelsen og stiftelsesforma. At vi kjem inn i ein tidleg fase og styrker styret sin kunnskap om stiftelseslova, er ein effektiv måte å trygge stiftelsane på.

På grunn av covid-19 har bruken av digitale verktøy og kvaliteten på dei auka. Tilbakemeldinga frå styremedlemmene vi har hatt videomøte med, er at møta har vore gode, og at dette er ei god erstatning for fysiske møte. Vi opplever at tett dialog i desse situasjonane har styrkt brukarane våre og bidratt til å sikre trygge stiftelsar.

### Kontrollar

Sidan strategien vår er å arbeide meir risikobasert og førebyggjande, erstattar vi til ein viss grad bruken av tilsyn og kontrollar med andre verkemiddel. Det betyr at vi har hatt færre tilsyn med tett oppfølging av stiftelsane. Som det går fram av tabellen over, fanga vi opp og førte kontroll med 17 konkrete avvik gjennom systemtilsyn. Dette er ein styrt nedgang frå dei to føregåande åra.

Vi hadde planlagt eit tematilsyn om realisering av formål i 2020, men på grunn av koronapandemien flytta vi det til 2021. Dette gjorde vi av omsyn til stiftelsane, sidan kontrollar kunne medføre ei ressursbelastning for dei som allereie var i ein krevjande situasjon på grunn av covid-19. Dessutan hadde Stiftelsestilsynet noko pressa kapasitet i 2020, sidan vi måtte bruke ressursar på arbeid med krisepakkar til frivilligheit.

Styret har eit overordna ansvar for at stiftelsen jobbar for formålet. Formålet eig stiftelsen, og dette er eit av områda der det er størst risiko for alvorlege konsekvensar dersom styret ikkje følger pliktene dei har. Stiftelsane si realisering av formål blir derfor eit viktig fokusområde i 2021.

### Store tilsynssaker

I 2020 har vi jobba med 15 større tilsynssaker. I 2019 var talet 18.

Tilsyn er det verkemiddelet vi nyttar i dei mest alvorlege sakene, og i saker der det er høg risiko for store manglar og konsekvensar for stiftelsen. Talet på større saker vil variere avhengig av korleis stiftelsane blir forvalta. Dette er også dei mest ressurskrevjande sakene for oss. I desse sakene innhentar vi omfattande dokumentasjon og opplysningar frå stiftelsen og andre aktørar. Sakene endar alltid med tilsynsrapport eller eit meir omfattande brev til stiftelsen. I dei fleste av desse sakene får styret kritikk og råd om å rette manglar.

I tre av dei 15 tilsynssakene varsla vi at vi ville sette ned styrehonoraret. Desse sakene er ikkje avslutta. Ein av dei sterkaste reaksjonane vi har etter stiftelseslova, er å avsette styremedlemmer. I både 2019 og 2018 brukte vi dette verkemiddelet, men det har ikkje vore nødvendig i 2020.

I 2020 melde vi ingen saker til politiet, men vi har innført ein ny strategi for arbeidet med politimeldingar. Den nye strategien kan gjere bruk av denne reaksjonen meir effektiv i dei alvorlegaste sakene. Vi har hatt få politimeldingar dei siste åra, og dei vi har hatt, har politiet lagt vekk.

I større saker samarbeider vi ofte med andre kontrollatar. Sakene kan gjelde komplekse forhold og innebere fare for brot på fleire regelverk som blir følgde opp av ulike styresmakter. Vi har hatt operasjonelt samarbeid med andre styresmakter og kontrollaktørar i fleire saker. Erfaringa er at vi får betre samordning av kontrollane våre, og at vi treff riktigare og får betre effekt i den samla oppfølginga. Vi ønsker å samarbeide meir med andre kontrollatar i tilsynssakene våre i 2021. Ikkje berre når det gjeld samordning av kontrollar, men også når det gjeld samordning av reaksjonar og sanksjonar.



## Rettsaker

Stiftelsane kan klage vedtaka våre inn for Stiftelsesklagemnd. Dei kan også bringe vedtaka inn for overprøving i domstolane. Det er Kulturdepartementet som formelt blir saksøkt, men Stiftelsestilsynet bidrar med informasjon og vil kunne stille som partsrepresentant og/eller vitne i sakene. I 2020 blei vedtaka våre om nedsetting av styrehonorar i stiftelsane Anny Debora Amundsens minnefond og Anna og Morgan Juells fond bringa inn for domstolane. Det har også vore fleire prosessar i etterkant av vårt tidlegare vedtak om avsetting av styremedlemmer i Stiftelsen romanifolkets/taternes kulturfond. Desse prosessane er ikkje avslutta.


## Manglar i styrearbeidet – ein stor risiko for stiftelsar

Tema i sakene vi avslutta i 2020, var hovudsakleg:

- manglar ved styrearbeid og styret si saksbehandling
- manglar ved økonomiforvaltning og internkontroll
- spørsmål om urimeleg høg godtgjersle (styrehonorar)
- spørsmål om sal av eigedomsmasse utanfor rammene for lovlege utdelingar

I det samla arbeidet med tilsynssaker ser vi at dårleg organisering av styrearbeidet er ein særskilt risiko som gjeld fleire. Det kjem av at det kan føre til konflikter i styret, noko som kan gå utover stiftelsen si formuesforvaltning og realisering av formålet.

Tema i tilsynssakene i 2020





Dersom styret ikkje planlegg og gjennomfører styremøte på ein god nok måte, eller ikkje har avklart innhaldet i oppgåver, delegasjon og fullmakter i tilstrekkeleg grad, ser vi at dette gir uklare rammer. Det kan igjen gi grobottn for

konflikatar i styret. I nokre situasjonar har konflikatar ført til at styrearbeid har blitt utsett, og at saker ikkje har blitt styrebehandla. Dette er ikkje i samsvar med det ansvaret styremedlemmene og styret har.

## Vi når stadig fleire med informasjon

Eit viktig mål for oss er å gjere informasjon og kunnskap tilgjengeleg for styremedlemmer i norske stiftelsar, og dermed bidra til at dei har den nødvendige kompetansen til å forvalte stiftelsen forsvarleg og etter lova. Slik når vi mange med lik budskap, og vi hjelper brukarane våre med å ta kunnskapsbaserte val.

Vi har i fleire år jobba med eigne temasider på nettstaden vår, og vi ser at desse sidene har stadig fleire visingar. I 2020 hadde dei til saman 6 293 sidevisingar, mot 4 340 i 2019. Stiftelsestilsynet sine nettsider hadde til saman 100 427 sidevisingar i 2020. Det er også fleire enn i 2019, då talet var 80 305. Vi har også ein sjølvtest, der styremedlemmer kan svare på spørsmål og på den måten finne ut om dei forvaltar stiftelsen i tråd med krava. 542 brukarar tok denne testen i 2020, og sidan lanseringa i 2019 har om lag 1 200 brukarar tatt han. Vi ser også at Stiftelsesregisteret er mykje brukt. Registeret og den tilhøyrande informasjonssida hadde 31 112 visingar i 2020. Dei fleste søkte etter vedtekter.

Vi bruker også temasidene på nettstaden aktivt når vi rettleiar stiftelsar. Dersom styremedlemmer spør etter informasjon som dei enkelt kan finne på nettstaden, viser vi dei dit. På denne måten viser vi alle som tar kontakt på telefon eller e-post, vegen til lett tilgjengeleg og oppdatert informasjon som dei også kan nytte seg av seinare. Det styrker brukarane våre og gjer arbeidet vårt meir effektivt.

Som eit ledd i det førebyggjande arbeidet vårt laga vi i 2020 nye nettsider og videoar med informasjon for nye styremedlemmer. I januar 2021 sende vi ut eit informasjonsbrev til 3 500 nye styremedlemmer der vi viste til informasjonen på nettstaden vår. I januar 2021 hadde informasjonssida over 800 sidevisingar, og nær 200 hadde sett videoane.

Målet er å gi nye styremedlemmer kunnskap om korleis dei skal etterleve lovverket og utøve godt styrearbeid, og på same tid opplyse dei om pliktene dei har. Vi ser at fleire nye



Inger Beth Fosse, seniorrådgjevar på Stiftelsestilsynet, i ny informasjonsvideo om styrearbeid.

stiftelsar har utfordringar med å få på plass strukturane for styrearbeid og økonomiforvaltning, og det utgjer ein risiko for verdiane til stiftelsen. Det er viktig at styremedlemmer raskt får nødvendig kompetanse til å sikre denne grunnmuren.

Det er mange som tar kontakt med oss med ulike spørsmål. I 2020 fekk vi 568 spørsmål via kontaktskjemaet vårt, og i tillegg var det mange som tok kontakt via e-post og telefon.

Covid-19 gjorde 2020 til eit utfordrande år, også for mange stiftelsar. Spesielt for stiftelsar som driv aktivitet, la smitteverntiltak ein dempar på aktiviteten. Mange har fått redusert inntekta og hatt problem med å realisere formålet. Det er for tidleg å danne seg eit fullstendig bilde av kva konsekvensar korona har hatt for stiftelsesområdet.

Vi fekk også spørsmål frå mange stiftelsar om korleis dei skulle handtere fristar i vedtektene når smitteverntiltak gjorde det vanskeleg å møtast. Vi såg tidleg eit behov for rettleiing og prioriterte dette både ved å rettleie stiftelsar som tok kontakt, og ved å gi informasjon på nettstaden vår.

## Fleire forvaltningssaker, kortare saksbehandlingstid

På forvaltningssida har søknadsmengda vår auka frå 2019. Men fordi vi har effektivisert arbeidet, har saksbehandlingstida gått ned.

I 2020 fekk vi inn 1 017 søknader frå norske stiftelsar. Det er 134 fleire enn i 2019 og 112 fleire enn i 2018. Likevel har vi i 2020 lykkast med å ha kort saksbehandlingstid, og ved inngangen til 2021 var det vesentleg færre opne saker enn ved inngangen til 2020.

Det er fleire grunnar til at vi har klart å få ned saksbehandlingstida, men to viktige faktorar er at vi har innført saksflytar, og at vi har god oversikt over og styring av den totale saksmengda. I 2018 starta vi arbeidet med å automatisere og effektivisere søknadsprosessen ved å innføre prosessstyrte saksflytar. Det inneber at saksbehandlingssystemet i større grad enn før automatiserer saksgangen, betrar dokumentasjon og sikrar fristar. Vi tok i bruk desse saksflytane i 2019, og dei har vore viktige for å sikre effektiv og rett saksbehandling i forvaltningssaker. I tillegg har vi hatt meir systematisk oppfølging av søknadssakene heilt frå ei sak blir registrert til det blir fatta vedtak. Dette har ført til betre styring av den totale saksmengda i 2020.

Eit døme er søknader om vedtektsendringar. Her hadde vi om lag 50 fleire saker i 2020 enn dei to føregåande åra. På same tid er saksbehandlingstida meir enn halvert.

I dag kan brukarane sende søknader via Samordna registermelding, på e-post eller som ordinær post. Å sende inn dokument og opplysningar gjennom Samordna registermelding er ressursparande, både for det offentlege og for stiftelsane. Vi har samarbeidd med Brønnøysundregistra for å gjere Samordna registermelding meir brukarvenleg for stiftelsar, og i 2020 blei eit nyoppussa skjema for registrering av nye stiftelsar tilgjengeleg.



Den oppussa versjonen av meldinga gir stiftelsane rettlegging, og det sikrar i større grad at stiftelsane sender inn riktig dokumentasjon på første forsøk. Vi styrker med andre ord brukarane våre ved å gjere det enklare for dei. Ved bruk av elektronisk melding får vi også tilgang på digital informasjon, og det effektiviserer saksbehandlinga vår. I 2021 skal vi halde vi fram med dette arbeidet og lansere oppussa versjonar av skjema for vedtektsendring (omdanning), oppheving, samanslåing og deling.

Også talet på søknader frå andre enn stiftelsar auka i 2020. Søknader om omdanning av uråderett etter stiftelseslova § 55 auka med 55 % til 51 saker, og søknader om omdanning av beslagsforbod etter dekningslova og arvelova auka med 24 % til 177 saker. Desse sakstypene er i snitt meir ressurskrevjande å behandle enn søknader frå stiftelsane, og det har ikkje vore endring i saksbehandlingstida for desse sakene.

### Oversikt over forvaltningssaker i 2020:

	2018	2019	2020
<b>Søknader frå stiftelsar</b>			
Nyregistrering	109	106	110
Omklassifisering	3	3	7
Kapitalendring	60	41	86
Dispensasjonar	5	3	7
Oppnemning av styre	8	4	9
Vedtektsendring	469	475	543
Oppheving	211	219	221
Samanslåing	38	28	33
Deling	2	4	1
<b>Sum søknader frå stiftelsar</b>	<b>905</b>	<b>883</b>	<b>1 017</b>
Rettleiing til stiftelsar	147	118	143
<b>Søknader frå andre enn stiftelsar</b>			
Uråderett – stiftelseslova § 55	30	33	51
Beslagsforbod etter dekningslova og arvelova	168	143	177
Samvirkeføretak	5	5	1
<b>Sum søknader etter anna lovverk</b>	<b>203</b>	<b>181</b>	<b>229</b>

## Fylkes- og kommunesamanslåinga påverkar

Talet på stiftelsar som vil endre vedtektene, auka samanlikna med 2019 og 2018. Ei viktig forklaring på auken kan vere fylkes- og kommunereforma, som tredde i kraft 1. januar 2020. Mange stiftelsar har vedtektsfesta eit geografisk verkeområde eller at ein kommune eller eit fylke skal vere oppnemnarorgan for styret i stiftelsen. Ein naturleg konsekvens av at fylke og kommunar endrar namn, er at nokre stiftelsar må endre vedtektene sine.

## Oppheving av stiftelsar med kyrkjelege formål

Den vanlegaste årsaka til at ein stiftelse blir oppheva, er at avkastninga på stiftelsen sin kapital er for liten til å dekke dei administrative kostnadene, og for liten til å vareta formålet. Talet på søknader om oppheving har flata ut dei siste åra.

Frå 1. januar 2021 blei kyrkjelova erstatta med ei ny trusksamfunnslov. Før kyrkjelova tredde i kraft i 1997, var det uklart om sokna hadde sjølvstendig rettsleg status, og derfor kunne dei ikkje ta opp lån for å finansiere for eksempel kyrkjelydshus. Løysinga for mange sokn blei å opprette stiftelsar med kyrkjelege formål, til dømes drift av kyrkjelydshus. Kyrkjelova gjorde det klart at sokna hadde eigen rettsleg status, og dermed hadde ikkje sokna lenger det same behovet for å opprette stiftelsar med kyrkjelege formål. Ein særregel i kyrkjelova opna for at stiftelsar med kyrkjeleg formål kunne opphevast, og at midlane då skulle førast tilbake til soknet. Opphevinga av kyrkjelova førte til at moglegheita for å føre tilbake desse midlane forsvann. Derfor skal stiftelseslova frå 2021 også regulere oppheving av denne typen stiftelsar, og i 2020 fekk tilsynet 18 søknader om det.

Søknader om oppheving etter kyrkjelova § 41 i 2020	18
Godkjende	14
Trekte*	3
Under behandling	1

\* Stiftelsar som fall utanfor kyrkjelova § 41, valde å trekke søknaden.

## Offentlegheit og innsyn

Stiftelsestilsynet behandla i 2020 om lag 1 449 innsynskrav. Talet på innsynskrav heldt seg dermed på same høge nivå som i 2019, då talet var 1 484. Til samanlikning behandla Stiftelsestilsynet om lag 1 145 innsynskrav i 2018, og om lag 1 300 i 2017.

For 1 205 av dei 1 449 innsynskrava har vi tilgjengelege data om gjennomsnittleg behandlingstid. Desse viser at 82 % av innsynskrava var ferdig behandla i løpet av tre dagar. Nesten halvparten blei behandla i løpet av ein dag.

Lotteri- og stiftelsestilsynet gjekk 1. september 2020 over til å publisere saksdokument i fulltekst på [innsyn.no](http://innsyn.no). Offentlege dokument blir på denne måten gjort tilgjengelege for publikum, som sjølv kan laste dei ned frå denne nettstaden. Dette gjer det enklare og raskare for publikum å skaffe seg tilgang til opplysningar, og vi forventar at det vil redusere talet på innsynskrav som må behandlast.

## Svak nedgang i talet på klagesaker

I 2020 behandla Stiftelsesklagenemnda 22 klager på Stiftelsestilsynet sine vedtak. Det er to færre enn i 2019. Nemnda avgjorde også fire krav om sakskostnader etter klagesaker.

I 15 av dei 22 klagesakene blei ikkje klagen tatt til følge. Ein klage blei avvist, tre saker blei delvis tatt til følge, og i fire saker fekk klagaren fullt medhald.

I 2020 avgjorde Stiftelsesklagenemnda klagar på fleire av saksområda våre. Det har vore saker om omdanning av stiftelsar, mellom anna vedtektsendringar, søknader om oppheving eller samanslåing og saker som gjeld samansetning av styre. Men nemnda avgjorde også klagesaker innanfor dei andre ansvarsområda våre, til dømes omdanning av anna enn stiftelsar, sperring av erstatningsbeløp etter dekningslova og omdanning av bandlagt pliktdelsarv.

Klagenemnda behandlar og avgjer dei konkrete sakene. Klagenemnda si tolking av lova vil gi signal for det vidare arbeidet vårt med liknande saker.

## Avgjerder frå Stiftelsesklagenemnda i 2020 (2019-tal i parentes):

Vedtak i klagesaker etter sakstype	Tal 2020 (2019)	Stiftelsestilsynets avgjerd stadfesta	Medhald til klagar (heilt eller delvis)	Klagen avvist
Oppheving av stiftelse	2 (7)	2 (5)	0 (2)	
Endring av vedtekter	5 (3)	2 (2)	3 (3)	0 (1)
Samanslåing	2 (2)	0 (2)	2 (0)	
Deling av stiftelse	0 (1)	0 (1)		
Endring av styresamansetning	2 (2)	0 (2)	1 (0)	1 (0)
Omdanning av samvirkeføretak	0 (1)		0 (1)	
Omdanning av anna enn stiftelsar (§ 55)	1 (0)	1		
Arvelova § 32	3 (0)	3 (0)		
Dekningslova § 3-9	2 (0)	2 (0)		
Klage over avvissingsvedtak (alle sakstypar)	5 (6)	4 (3)	1 (2)	0 (1)
Klage over avslag på sakskostnader	0 (2)	0 (1)	0 (1)	
	22 (24)	14 (16)	7 (6)	1 (2)
Vedtak om sakskostnader (sett fram for nemnda)	Tal	Krav tatt til følge	Krav delvis tatt til følge	Krav ikkje tatt til følge
	4 (6)	1 (1)	2 (2)	1 (3)
Samla tal vedtak	26 (30)			


## Det blir færre, men større stiftelsar i Noreg

Det er fleire stiftelsar som blir oppheva enn oppretta. Men stiftelsane som kjem til, har meir kapital.

Ved utgangen av 2020 var det registrert 6 472 stiftelsar. Det kom inn fleire søknader om oppheving og samanslåing av stiftelsar enn om nyregistrering. Dette følger trenden vi har

sett dei siste åra: Det blir færre stiftelsar i Noreg, men samtidig blir norske stiftelsar større i form av at dei har meir eigenkapital.

Tal stiftelsar og samla bokført eigenkapital 2007–2020



## Fleire nye aktivitetsstiftelsar enn stiftelsar som deler ut pengar

I 2020 fekk vi inn 110 søknader om nyregistrering, og 106 av desse er førebels registrerte som stiftelsar. Dette er omtrent som året før. Samla eigenkapital for dei nyregistrerte stiftelsane var 743 millionar kroner i 2020. I 2019 var beløpet i overkant av 3 milliardar. Årsaka til den store skilnaden at det i 2019 blei etablert ein sparebankstiftelse med 2,55 milliardar kroner i eigenkapital.

Temaundersøkinga Norske stiftelsars samfunnsbidrag, som vi gjennomførte i 2020, viser at det er omtrent like mange aktivitetsstiftelsar som pengeutdelande stiftelsar. Nyregistreringane for 2020 kan tyde på at det blir færre stiftelsar som deler ut pengar: 24 av dei 106 nyregistrerte stiftelsane kan etter vår vurdering definerast som pengeutdelande stiftelsar. Desse pengeutdelande stiftelsane står for ein samla kapitaltilførsel på 453 millionar kroner, mot 743 millionar kroner for alle nyregistreringar samla.

52 av dei nye stiftelsane er oppretta med 100 000 kroner i grunnkapital, som er minstekravet i lova. Det kan tyde på at formålet med desse stiftelsane er å drive aktivitet og verksemd som genererer inntekter, framfor først og fremst å forvalte kapital.

## Miljøtrend blant nye stiftelsar

Dei nye stiftelsane har mange ulike formål. Men ein gjennomgang viser at det dei fleste har som primær- eller sekundærformål, er tiltak innanfor miljøsektoren.

Nokre døme:

TerraVera Foundation har som formål å fremme berekraftig utvikling nasjonalt og globalt, og samarbeider med NTNU om å bygge digitale modellar som skal gjere det lettare å måle og berekne berekraft.

Stiftelsen Technology for Ocean Foundation har som formål å bidra til å utvikle ny teknologi og betre rammer for teknologi til det beste for havet og miljøet. Stiftelsen vil særleg legge vekt på utvikling av rammeverk der ny teknologi blir brukt for å fremme eit produktivt og sunt hav, ein lønsam og berekraftig havøkonomi og teknologi og nye forretningsmodellar som støttar betre havforvaltning.

Stiftelsen We Play Green har som mål å inspirere, engasjere og konkret hjelpe idretten med å redusere fotavtrykket sitt.

Det å hjelpe menneske peikar seg også ut som formål blant dei nyregistrerte stiftelsane:

ELIPS Selvmordsforebygging har som formål å arbeide for at alle menneske får den støtta dei treng når dei opplever å ha sjølvordstankar, og for at pårørande og samfunnet skal vere betre rusta til å støtte menneske som har sjølvordstankar.

Stiftelsen Helt Med skal bidra til mangfald og inkludering ved at det blir oppretta arbeidsplassar for menneske med utviklingshemming, utviklingsforstyrningar og anna kognitiv funksjonsnedsetting.



## Norske stiftelsars samfunnsbidrag

I 2020 har Stiftelsestilsynet bidratt med ny kunnskap om stiftelsar – både fordi vi ser at kunnskapen om stiftelsar i samfunnet er mangelfull, og fordi vi ønsker å trygge stiftelsar. Det kan igjen bidra til å gjere stiftelsesforma til ein attraktiv måte å utvikle samfunnet på.

Eit av risikoområda Stiftelsestilsynet identifiserte ved inngangen til 2020, er at samfunnet og relevante aktørar har mangelfull kunnskap om stiftelsesforma, verdiane stiftelsar tilfører samfunnet, og arbeidet vi gjer. Å synleggjere stiftelsesforma og norske stiftelsar sine bidrag til samfunnet er ei viktig oppgåve for oss. Å bidra med kunnskap om dette er også med på å gjere oss til ein relevant samfunnsaktør.

6 av 10 nordmenn meiner at stiftelsar er viktige for samfunnet, viser ei undersøking Respons Analyse gjorde for oss mot slutten av 2020. 7 av 10 svarar at dei kjenner til ein eller fleire stiftelsar. Vi ser ei positiv endring dersom vi samanliknar med ei undersøking vi gjorde i 2019. Då svara 5 av 10 at stiftelsar er viktige for samfunnet, og rundt 5 av 10 kjende til ein eller fleire stiftelsar.

På same tid ser vi at 2 av 10 ikkje har høyrte om Stiftelsestilsynet. Dette er ei utfordring for oss, fordi det er viktig å dele kunnskap og kompetanse på stiftelsesområdet med brukarane, og fordi vi er avhengige av tips for å vite om alvorlege saker som gjeld stiftelsar.

### Stor undersøking om norske stiftelsar sine samfunnsbidrag

I starten av 2020 inviterte vi alle norske stiftelsar til å delta i ei stor spørjeundersøking. 4 525 stiftelsar svara på spørjeundersøkinga, og det er nesten 7 av 10 norske stiftelsar. Stiftelsane som svara, representerer 93 % av eigenkapitalen til norske stiftelsar.

Undersøkinga Norske stiftelsars samfunnsbidrag viste at norske stiftelsar tilfører samfunnet stadig meir pengar til gode formål, skaper arbeidsplassar og bidrar med frivillig arbeid. Ho gir oss eit meir heilskapleg bilde enn vi har hatt før, mellom anna fordi vi for første gong undersøkte norske stiftelsar sine aktivitetar.

Hovudfunn:

- Det er om lag like mange stiftelsar som deler ut pengar, som stiftelsar som driv aktivitet.
- Stiftelsane deler kvart år ut cirka 6 milliardar kroner til gode formål.



- Sektorane kultur og idrett, humanitært arbeid og bistand og forskning får mest pengestøtte frå stiftelsane.
- Blant stiftelsane som driv aktivitet, er det flest stiftelsar innanfor sektorane kultur og idrett, samfunn, utvikling og sosiale tiltak, og barnehage, opplæring og utdanning.
- Blant nye stiftelsar dei siste ti åra er det ein auke i stiftelsar som driv aktivitet.
- Det er flest stiftelsar som vender seg til målgrupper innan befolkninga generelt, barn og unge og menneske med sjukdom.
- Stiftelsane hadde i 2019 nær 4 millionar dugnadstimar og organiserte nesten 100 000 frivillige.
- Om lag 41 000 personar jobbar i norske stiftelsar.

Målet med undersøkinga var å auke kunnskapen i samfunnet om stiftelsesforma og norske stiftelsar sine bidrag i samfunnet, og å synleggjere stiftelsesforma som ein attraktiv måte å bidra til samfunnet på. Dette er viktig kunnskap for både oss og samfunnet. Derfor er det også viktig for oss å synleggjere han. Vi la fram undersøkinga i eit webinar med rundt 100 deltakarar og på nettsidene våre. Funna i rapporten blei dessutan nyheiter i fleire nasjonale medium.

### Stiftelsane si rolle må greiast ut

I samband med koronapandemien har truleg fleire fått auga opp for at stiftelsane er viktige bidragsytarar i samfunnet. Fleire sentrale norske stiftelsar snudde seg nemleg raskt rundt: Dei tok initiativ til og finansierte mange koronatiltak, og i tillegg dempa dei skadeverknadene for sine prioriterte formål.

Vi meiner at tida er moden for ei utgreiing av norske stiftelsar. Derfor har vi foreslått at eit breitt samansett, men hurtigarbeidande utval skal sjå på korleis det politisk kan leggest betre til rette for stiftelsane sin framvekst og eksistens. Utvalet må sjå på kva rolle stiftelsar spelar i dagens samfunn, kva utvikling dei har hatt, og om det er politisk og samfunnsmessig ønskeleg å stimulere til auka bruk av stiftelsesforma.



økonomisk evne. Vi meiner at når ein skal vurdere konsekvensane av slike spørsmål, må ein ha god oversikt over stiftelsesforma og dei differensierte behova stiftelsane har.

Forslaget til ny stiftelseslov som blei lagt fram av Stiftelseslovutvalet i 2016, har enno ikkje resultert i at ei ny stiftelseslov er på plass. Det er utfordrande når det går lang tid frå ein skisserer behovet for regelendringar, til ein får på plass eit nytt lovverk som gir stiftelsane betre rammer.

Dette heng også tett saman med at stiftelsar må følge eit stadig meir kompleks lovverk.

### Lov- og høyringsarbeid er viktig

Å ha eit oppdatert og velfungerande lovverk er viktig for alle organisasjonsformer. Norske stiftelsar har gjennom 2000-talet fått mange nye og stadig meir komplekse lovkrav. Vi ser at vi i lovarbeid kan bidra med kunnskap om stiftelsane. Ved at vi kjem med innspel om utfordringar som stiftelsar kan ha, kan nye lover bli betre tilpassa stiftelsesforma.

Vi jobbar for å trygge stiftelsesforma, og dette inneber også å sikre gode rammevilkår og ei tydeleg retning vidare for stiftelsane. Å følge med på og følge opp lovarbeid som vil få konsekvensar for stiftelsar og stiftelsesforma, er ei viktig oppgåve for oss. Her sit vi som fagorgan på sentral kunnskap.

At lovgivar og samfunnet har god kunnskap om kva som er spesielt ved stiftelsesforma, er viktig for å sikre at store eller ressurskrevjande konsekvensar blir vurderte opp mot nytta. Nytt regelverk bør ta høgde for at stiftelsar er svært ulike, slik at føresegner som gir stiftelsane plikter, blir tilpassa eller differensierte. I 2020 fekk vi eit døme på dette då forslaget til *Forskrifter til lov om register over reelle rettighetshavere* var på høyring. Forslaget inneheldt mellom anna strenge føresegner om tvangsmulkt ved manglande registrering. Men ved utrekning av tvangsmulkta såg det ikkje ut til at det var tatt nok omsyn til at dei registreringspliktige har ulik storleik og

I 2020 blei det fremma forslag om nye lovføresegner som skal gjelde såkalla «kommunale bustadstiftelsar». Tanken er at føresegnene skal inngå i den nye stiftelseslova, men temaet blei ikkje behandla av Stiftelseslovutvalet. Lovforslaget som er fremma av Nærings- og fiskeridepartementet, vil innebere at ein stiftelse som har visse definerte bustadformål, og som er oppretta av ein kommune, vil kunne opphevast dersom kommunen avgjer det. Føresegnene inneber vidare at stiftelsen sine midlar vil bli overførte til kommunen dersom stiftelsen blir oppheva. Forslaget har vore diskutert i samanheng med både stiftelsesretten og fleire føresegner i Grunnlova. Høyringsuttalane viser eit stort engasjement rundt lovforslaget. Dette har igjen ført til ein viktig og nyttig diskusjon om stiftelsesforma si rolle i Noreg. Fleire tar til orde for at det er behov for meir kunnskap om kva rolle stiftelsar har og kan få i Noreg framover.

Covid-19-situasjonen har medført behov for mellombelse føresegner om blant anna gjennomføring av styremøte, elektronisk signering og utsett frist for årsrekneskap. Desse føresegnene kom først i form av mellombelse forskrifter. Seinare på året blei dei gjorde om til mellombelse

lover, sidan covid-19-situasjonen heldt fram og gjorde det nødvendig med unntak frå dei ordinære føresegnene. Erfaringane med dei mellombelse føresegnene har gjort at Nærings- og fiskeridepartementet vurderer varige endringar av enkelte føresegner i stiftelseslova. Rett før jul blei eit forslag til slike føresegner sendt på høyring, med høyringsfrist på nyåret 2021.



## Slik jobbar vi for å vere ein relevant samfunnsaktør

I 2020 blei Lotteri- og stiftelsestilsynet meir synlege som ein relevant samfunnsaktør, spesielt på frivilligheitsfeltet. Vi sette også i gang fleire store prosjekt som skal styrke brukarane våre.

Covid-19 prega 2020, også for kommunikasjonsstaben. Sjølv om vi fekk nye oppgåver, spesielt med krisepakane for frivilligheita, kom vi i gang med dei prosjekta vi hadde planlagt. På same tid hadde vi ressursmessige utfordringar som gjorde at vi måtte prioritere ned viktige oppgåver i det daglege arbeidet vårt. Det kjem vi også til å måtte gjere i 2021.

I 2020 sette vi i gang fleire store prosjekt som skal styrke brukarane våre. Nettstaden vår er den viktigaste kanalen vi har til brukarane, og hausten 2020 starta vi arbeidet med å lage nye lottstift.no, som skal lanserast i 2021. Dagens nettstad får gode tilbakemeldingar i brukarundersøkingane våre, men brukarar og styresmakter har stadig nye forventningar. Dessutan må vi oppfylle krav om ny teknologi og realisere ambisjonar i eigen strategi. Målet med den nye nettstaden er å gjere det enda enklare for brukarane våre å løyse oppgåvene dei kjem dit for, enten det er å søke på ulike ordningar, finne informasjon eller ta kunnskapsbaserte val.

I 2020 lanserte vi ny nettstad for Hjelpelinjen for speleavhengige, og vi tok nye grep for å få fleire med speleproblem til å søke hjelp. Vi gjennomførte også ein informasjonskampanje om speleproblem og konsekvensane av å spele hos utanlandske spelselskap. I 2020 var det først og fremst pårørande vi ville nå, men også problemspelarar eller dei som er i risikosona for å bli det.

Vi skal vere ein relevant samfunnsaktør og bidra med kunnskap på områda våre. Spesielt på frivilligheitsfeltet blei vi meir synlege i 2020. Samla sett blei Lotteri- og stiftelsestilsynet omtala i dobbelt så mange mediasaker som i 2019. Vi hadde også langt fleire besøkande på nettstaden. Ein viktig årsak til det er at vi forvalta krisepakane for frivilligheita, og det er grunn til å tru at vi i større grad har etablert oss som ein aktør på frivilligheitsfeltet.

I 2020 jobba vi mykje med informasjonsarbeid i samband med dei tre krisepakane. Den første krisepakken var ei heilt ny ordning, og vi var avhengige av å nå breitt ut med informasjon om kven som kunne søke, og ikkje minst at det var hos oss dei skulle søke. Eit anna viktig mål var å gjere søknadsprosessen så enkel som mogleg for søkarane. Det var viktig for oss at informasjonen var enkel å navigere i, og ikkje minst forståeleg for brukarane.

I 2020 formidla vi også kunnskap på andre viktige område. Funna i rapportane *Omfang av penge- og dataspillproblemer i Norge 2019* og *Norske stiftelsars samfunnsbidrag* er døme på dette. På denne måten bidrar vi med viktig kunnskap i den offentlege samtalen og hjelper folk med å ta kunnskapsbaserte val. Dette bidrar også til å gjere oss til ein relevant samfunnsaktør på områda våre. På grunn av koronapandemien måtte vi tenke nytt i formidlinga av kunnskap, og vi testa ut direktesende webinar.

Vi ser at kommunikasjon er viktig for å nå fleire av måla i strategien til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Å styrke brukarane, vende blikket utover og jobbe smart med tilsyn handlar også mykje om korleis vi kommuniserer og formidlar. Vi har allereie starta fleire prosjekt som skal bidra til at vi skal bli enda flinkare til dette.



## Informasjonskampanje og Hjelpelinjen i ny drakt

I januar 2020 lanserte vi ny nettstad for Hjelpelinjen. Vi samkøyrde lanseringa med ein informasjonskampanje om pengespel retta spesielt mot pårørande til personar med speleproblem.



I Handlingsplan mot spilleproblemer 2019–2021 er vidareutvikling av nettstaden til Hjelpelinjen eit tiltak. I 2020 skulle Hjelpelinjen utvidast med ein chat-funksjon. Formålet var å nå fram til nye og yngre brukargrupper og til personar som vegrar seg for å ringe. Å ha speleproblem er skambelagt, og vi veit at terskelen for å søke hjelp ofte er høg. Sidan den nye chat-funksjonen likevel skulle integrerast i nettstaden, var det formålstenleg å lage ny nettstad samtidig.

Målet med nye Hjelpelinjen.no var først og fremst å få fleire til å ta kontakt og søke hjelp. Hjelpelinjen fekk ny visuell profil og ein ny informasjonsarkitektur som skal gjere det enklare å finne informasjon. Vi laga sjølvtestar som spelarar og pårørande kan ta for å få ein indikasjon på om dei sjølve eller nokon dei kjenner, har speleproblem eller risiko for å få det. Vi bestemte oss også for å fortelje fleire historier om menneske med speleproblem. Ved å høyre om andre som har eller har hatt problem med pengespel, forstår ein at ein ikkje er aleine. Like viktig var det å vise døme på at livet kan bli betre om ein søker hjelp.

Parallelt med at vi lanserte nye Hjelpelinjen.no, hadde vi ein informasjonskampanje. Målet var å skape merksemd rundt og auke kunnskapen om konsekvensane av å spele hos utanlandske pengespelselskap. Kampanjen var ei opp-

følgning av kampanjane «Er det lov å marknadsføre utanlandske pengespel?» (2016), «Spelereglar» (2017) og «Hjernen på spill» (2018). Målgruppene var primært pårørande, men også menneske som har speleproblem eller er i risikosona for å få det.

I kampanjen laga vi, i samarbeid med Trigger, FINN-annonser der vi fortalde historier om leilegheit til sals, bil til sals og ferie til sals på grunn av speleproblem. Over 10 000 personar klikka på desse annonsane, og dei blei viste på FINN 2,2 millionar gongar. I tillegg såg 190 000 menneske desse FINN-annonsane på Facebook. I den same perioden sponsa vi også anna innhald på Facebook knytt til kampanjen, og dette innhaldet nådde fram til rundt 100 000 personar. Både i FINN-annonsane og det andre innhaldet lenka vi til Hjelpelinjen.no. I samband med informasjonskampanjen var det også redaksjonelle saker i fleire store nyheitsmedium. Konklusjonen vår er at kampanjen samla sett nådde godt ut, og det var gode besøkstal på Hjelpelinjen.no: Dei auka med 35 prosent frå 2019 til 2020, i all hovudsak på grunn av arbeidet med kampanjen. På same tid ser vi eit behov for å satse meir på innhaldsarbeid for å nå breiare ut med Hjelpelinjen som eit hjelpetilbod, også utanom kampanjeperiodar. Ressurssituasjonen til kommunikasjonsstaben gjer at dette viktige arbeidet er vanskeleg å prioritere.

Bil / Biler i Norge / Audi / A4



## Redningen i hverdagen må selges

### 100 000 kr

Vi må selge vår flotte familiebil med tungt hjerte.

Mannen min har spilt bort alle sparepengene våre på utenlandske pengespill og i tillegg tatt opp store forbrukslån. Nå sitter vi i dyp gjeld og gjør alt vi kan for å beholde huset. Hytta har vi allerede solgt.

Hvordan skal vi kunne se barna i øynene og forklare at vi ikke lenger kan kjøre dem til venner og fritidsaktivitet fordi pappa har tømt kontoen?

Annonsen er falsk, men problemet er ekte.

Kjenner du noen med spilleproblemer? Få hjelp på [hjelpelinjen.no](https://hjelpelinjen.no)

## Hjelpelinjen



[Har du et spillproblem?](#)



[Hjelp til pårørende](#)





[Økonomisk hjelp](#)



[Behandling av spillproblemer](#)

[Les mer](#)



Frå ein av annonsane på finn.no.

## Informasjonsarbeid knytt til tre krisepakkar for frivilligheita

I 2020 fekk Lotteri- og stiftelsestilsynet i oppgåve å forvalte tre krisepakkar for frivilligheita. Det kravde eit omfattande informasjonsarbeid.

Den første krisepakken for frivilligheita i samband med koronaviruset kom i april. Sidan dette var ei ny støtteordning, var det viktig for oss å gi potensielle søkarar informasjon og få fram at det var hos oss dei skulle søke. Ettersom brukarane berre hadde ei veke å søke på, var vi avhengige av å nå raskt ut med informasjonen.

Vi brukte sosiale medium og informasjonspakkar for å gjere frivilligheita merksame på ordninga og fortelje kvar dei kunne finne meir informasjon og eventuelt søke. Vi køyrde ein informasjonskampanje i sosiale medium, som nådde 228 000 personar på relativt kort tid. Som vi også har sett med momsordninga, blei kommunane ein relevant informasjonskanal for oss i krisepakkearbeidet. Vi sende alle norske kommunar informasjonspakkar om ordninga og om kvar ein kunne søke, og spurde om dei kunne dele denne informasjonen i sine kanalar. Resultatet var at 157 kommunar delte informasjonen. Vi gjorde det same overfor mange sentralledd i frivillige lag og organisasjonar, og 49 av desse delte informasjonen. Då søknadsfristen var klar, og då vi opna for søknader, sende vi ut pressemeldingar, og vi fekk relativt god mediedekning. Fordi søknadsfristen var kort, la vi på førehand ut eit rekneark, slik at søkarane kunne rekne ut kor mykje dei kunne søke om å få kompensert.

Det var viktig for oss at søkarane fann god og forståeleg informasjon på nettstaden, og vi laga ei eiga informasjons-

side om ordninga og ei side med spørsmål og svar. På same tid såg vi på statistikken at ikkje alle søkarar var innom informasjonssidene før dei gjekk til søknadsskjemaet. Det var også ein del som tok direkte kontakt med oss. Dette tok vi høgde for i krisepakke 2 og 3.

Då krisepakke 2 kom, visste langt fleire om at det var Lotteri- og stiftelsestilsynet som forvalta ordninga. Vi reduserte derfor kampanjeaktiviteten i sosiale medium, men heldt fram med å sende pressemeldingar og informasjon til kommunar og sentralledd. Vi prioriterte å lage ja/nei-spørsmål på nettsida som brukarane måtte svare på før dei kom til søknadsskjemaet. Dette gjorde vi både for at brukarane lettare skulle forstå kva dei kunne søke om, og for at det skulle vere tydelegare kven som kunne søke og ikkje. Vi tok også omsyn til erfaringa frå krisepakke 1 om at ikkje alle søkarar las informasjonen før dei søkte. Sidan krisepakke 3 i stor grad var ei forlenging av krisepakke 2, brukte vi same kommunikasjonsstrategi der.

I alle dei tre krisepakkane la vi jamleg ut søkarlister på nettsidene. Sidan vi hadde puljevise utbetalingar, la vi også ut lister over utbetalingar kvar gong. Etter siste utbetaling la vi dessutan ut nøkkeltal, med samla tal søkarar, tal avslag, geografisk fordeling og utbetalt beløp. Målet var å gjere det enklare for søkarar, journalistar og andre interesserte å finne informasjon sjølve, og inntrykket er at mange gjer det.



Dåverande direktør Gunn Merete Paulsen i direkte-sending på NRK1 om den første krisepakken. (Skjermdump: NRK)

## Stor auke på nettstaden og i redaksjonelle medium

Lotteri- og stiftelsestilsynet har hatt ein kraftig auke når det gjeld både omtale i redaksjonelle medium og besøk på nettstaden.

### Nettstaden

I 2020 stod over 335 000 brukarar for over 1,3 millionar sidevisingar på nettstaden vår. Dette er om lag ei dobling samanlikna med året før. Krisepakane for frivilligheita er hovudårsaka til den store auken.

Vi hadde auke i både søketrafikk, trafikk frå sosiale medium og trafikk frå andre nettsider. Det var likevel klart størst auke i direktetraffikk til nettstaden. Det kan tyde på at vi lykkast med å formidle at Lotteri- og stiftelsestilsynet forvalta krisepakane for frivilligheita.

Vi ser også av brukarmønsteret at fleire besøkte oss via PC for å løyse brukaroppgåvene. Dette er naturleg, sidan brukarene i større grad nyttar PC enn mobil i søknadsprosessar.

### Tal besøk på lottstift.no (kjelde: Google Analytics)

År	Brukarar	Økter	Sidevisingar
2020	335 245	543 684	1 331 436
2019	160 819	264 385	734 346

Brukarar: Med dette meiner vi brukarar som har innleia minst ei økt i løpet av dataperioden.

Økter: Samla tal økter i perioden. Ei økt er tidsrommet der ein brukar nyttar nettstaden aktivt.

Sidevisingar er det samla talet sider som er blitt viste. Gjentatte visingar av same side blir talde med.

### Sidevisingar fordelt på fagområde

Lotteri- og stiftelsestilsynet jobbar med både kontroll og forvaltning av private lotteri, stiftelsar og statlege spel, og med kontroll av den ulovlege spelmarknaden. Vi forvaltar også fleire tilskotsordningar. På nettstaden er hovudmenyen bygd opp med desse inngangane: Lotteri og bingo, Pengespel, Stiftelsar, Tilskotsordningar og Om oss (inkludert aktuelt-saker). Under ser du sidevisingar fordelt på desse hovudområda, i tillegg til koronarelatert innhald, i 2020.

Område	Sidevisingar	Unike sidevisingar
Krise og korona	328 179	270 578
Om oss	217 420	192 853
Tilskotsordningar	184 497	143 643
Stiftelsar	100 427	78 021
Lotteri og bingo	93 979	74 223
Pengespel	85 342	71 266

### Brukarstøtte

På nettstaden har vi eit webbasert brukarstøttesystem der vi tar imot spørsmål og tips frå publikum. I 2019 fekk vi – totalt for alle fagområda våre – 2 854 spørsmål og tips via Zendesk. Samanlikna med 2019 var det litt fleire som tok kontakt. Då hadde vi til saman 2 648 spørsmål og tips via denne kanalen.

For krisepakane hadde vi ei eiga e-postadresse som brukarane kunne nytte for å ta kontakt. Samla for dei tre krisepakane svara vi på rundt 2 500 spørsmål.

### Redaksjonelle medium

Lotteri- og stiftelsestilsynet blei omtala i langt fleire mediesaker i 2020 enn i 2019.

2018	2019	2020
1 938	1 651	2 996

I 2018 registrerte vi medieoppslag på ein annan måte, slik at noko meir enn redaksjonelle oppslag kom med i statistikken. Derfor er ikkje tala for 2019 og 2020 direkte samanliknbare med 2018.


At vi forvalta krisepakane til frivilligheita, er ei stor årsak til auken, sidan krisepakane fekk mykje merksemd. Dette kan også bety at vi i større grad har etablert oss som ein relevant samfunnsaktør på frivillighetsfeltet.

Det var også andre store mediasaker i 2020. Rapportane våre om speleproblem i befolkinga og norske stiftelsar sine samfunnsbidrag fekk omtale i nasjonale redaksjonelle medium. I tillegg bidrog vi med kunnskap i fleire andre dagsaktuelle saker som handla om områda våre. Ser vi bort frå krisepakane, har vi inntrykk av at pengespelfeltet får mest merksemd i redaksjonelle medium.


### Sosiale medium

Lotteri- og stiftelsestilsynet blei i 2020 omtala 3 116 gongar i sosiale medium. Det er omtrent som året før. Vi blir framleis mest snakka om og til på Twitter (1 169 omtalar). I tillegg aukar omtalane på Facebook: 771 i 2020. Mange av desse omtalane var deling av informasjon knytt til krisepakane og andre tilskotsordningar.

Dekning over tid, totalt 2 966 artiklar:  
Lotteri- og stiftelsestilsynet (redaksjonelle medium)



Av tabellen ser vi at medieomtalen auka i april, då krisepakke 1 kom.



## Arbeid med ny nettstad og visuell profil

I 2020 starta vi arbeidet med å fornye oss. I løpet av 2021 skal vi få ny nettstad og ny visuell profil.

Nettstaden vår, lottstift.no, er den viktigaste kanalen vår ut til brukarane. Kwart år er mange tusen innom der for å søke på ulike ordningar eller finne informasjon.

Dagens nettstad får gode tilbakemeldingar i brukarundersøkingane vi har gjort, men krava og forventningane frå brukarar og styresmakter endrar seg stadig. Dessutan må vi halde tritt med den teknologiske utviklinga. Derfor starta vi i 2020 arbeidet med ny nettstad i tett samarbeid med Dekode, som vi har rammeavtale med. Arbeidet er først og fremst ein forbettringsprosess og ei modernisering av dagens nettstad.

Dei overordna måla for den nye nettstaden er å styrke brukarane våre, forenkle for frivilligheita og gjennomføre smarte tilsyn med informasjon og rettleiing. Dette er i tråd med hovudstrategien til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Ved å jobbe for å ha dei beste verktøya, den beste metodikken og den mest relevante teknologien skal vi spele brukarane våre gode. Dei som kjem inn på nettstaden vår, skal enkelt kunne navigere seg fram til oppgåvene dei skal løyse, og forstå oss på første forsøk. Brukarane skal stå i sentrum.

Vi har også interne mål. Ein god og brukarorientert nettstad kan føre til at færre må ta direkte kontakt med oss, og det gjer at vi kan bruke ressursane annleis. God informasjon og rettleiing på nettstaden kan til dømes vere ein del av førebbyggande, smarte tilsyn, sidan det kan hjelpe brukarane med å unngå feil. Då kan vi prioritere å opne tilsyn i dei alvorlege sakene med stor risiko for alvorlege konsekvensar.

Hausten 2020 gjennomførte vi eit forprosjekt i samarbeid med Dekode. Vi gjorde ein analyse av innhaldet på nettstaden og såg på kva som er dei viktigaste brukaroppgåvene våre. Den nye nettstaden skal vere enda meir spissa mot målgruppene våre, og vi skal gjere tøffare prioriteringar: Når vi utviklar innhald og vurderer kva som er dei viktigaste for brukarane våre, skal det skje på grunnlag av analyse og fakta. Forprosjektet resulterte i ein prototype til ny nettstad og er styrande for hovudprosjektet.

Vi er i gong med hovudprosjektet, og dette arbeidet held vi fram med inntil den nye nettstaden skal lanserast i 2021.



Vi skal gjere det enklare for frivillige lag og organisasjonar å finne fram i ordningane våre.

I hovudprosjektet skal vi også levere eit forslag til korleis vi kan jobbe meir med strategisk innhaldsarbeid over tid, og ei tilråding til korleis kommunikasjonsstaben skal jobbe framover for å nå måla i strategien til Lotteri- og stiftelsestilsynet.

I samband med nettstadsprosjektet har vi også, i samarbeid med Bielke & Yang, laga ein ny visuell profil. Dette arbeidet starta hausten 2020 og var ferdig i januar 2021. Eit viktig mål har vore at den visuelle profilen skal få fram heilskapen i Lotteri- og stiftelsestilsynet og dei ulike områda vi forvaltar. På same tid skal han spegle samfunnsoppdraget vårt. Resultatet er ein ny visuell identitet som er varmare, litt meir spenstig og meir moderne. Sidan han heng tett saman med den nye nettstaden, vil den visuelle profilen bli ein del av lanseringa av nye lottstift.no i 2021.

## Frå fysiske frukostmøte til webinar

På grunn av covid-19 måtte vi tenke nytt og prøve nye plattformer for å formidle kunnskapen vår.

Det er viktig for oss å nå ut med kunnskap og fakta om områda våre, både for at brukarane skal kunne ta kunnskapsbaserte val, og fordi det er viktige kunnskapsbidrag i den offentlege debatten. I 2020 presenterte vi resultata av befolkningsundersøkinga Omfang av penge- og dataspillproblemer i Norge 2019 (gjennomført av Universitetet i Bergen på oppdrag frå oss) og vår eiga temaundersøking Norske stiftelsars samfunnsbidrag.

Vi hadde planlagt å ha fysiske frukostmøte for å legge fram begge rapportane, og vi skulle invitere både journalistar og andre interesserte. På grunn av covid-19 og smittevern måtte vi tenke nytt, og vi valde å prøve direkte sende webinar. Der la vi fram resultata frå undersøkingane, analyserte dei og opna for spørsmål frå dei som såg på.

På webinarret om penge- og dataspillproblem deltok 130 personar (eksterne og interne), medan webinarret om samfunnsbidraga til norske stiftelsar samla 100 personar (eksterne og interne). Dette seier oss to ting: Vi når breiare ut i andre kanalar, men webinar kan vere eit nyttig supplement. I tillegg til at vi arrangerte webinar, omtala fleire store nyheitsmedium rapportane, og vi laga eigne nettsider med artiklar om funna.

### Forstått på første forsøk

I 2020 har vi hatt to språkdagar for dei tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet: ein med tekstdoktor Christine Calvert og nytteteiknar Hanne Wetland, og ei retorikksamling med Siri Blindheim i Mestringspilotene. Vi deler årleg ut ein språkpris til ein tilsett som har utmerkt seg på klarspråkfronten. Det kanskje viktigaste språkarbeidet skjer i det daglege. Vi jobbar heile tida for at brukarane skal forstå oss på første forsøk.



Frå webinarret om penge- og dataspillproblem. Frå venstre: Henrik Nordal, avdelingsdirektør i Lotteritilsynet, Anne-Mette Hjelte, kommunikasjonsdirektør og Ståle Pallesen, professor ved Institutt for samfunnspsykologi, Universitetet i Bergen.



Tekstdoktor Christine Calvert med språkleg motivasjon til dei tilsette.

# Intern styring og kontroll

Lotteri- og stiftelsestilsynet gjennomførte i 2020 eit organisasjonsutviklingsprosjekt (OU-prosjekt) og vedtok ny organisasjonsmodell med verknad frå 1. januar 2021. Parallelt arbeidde vi med eit internkontrollprosjekt. Der definerte vi nye styringsprosessar, og delar av desse (verksemdsplan, budsjett og årsplan) blei implementerte hausten 2020. Både OU- og internkontrollprosjektet var ei oppfølging av strategiplanarbeidet frå 2019.

2020 blei eit krevjande år grunna pandemien. Mange føresetnader i budsjettet endra seg gjennom året, og til tider var situasjonen uoversiktleg og uføreseieleg. Det gjorde òg den økonomiske styringa krevjande. Lotteri- og stiftelsestilsynet hadde gjennom året tett styringsdialog med Kulturdepartementet om oppgåver, prioriteringar og økonomi.

Trass i alle utfordringar i 2020 klarte vi likevel å utføre samfunnsoppdraget og det vesentlege av oppgåver i tildelegingsbrevet. Dei tilsette la ned ein formidabel innsats og tok verkeleg ansvar.

Direktøren har det overordna ansvaret i Lotteri- og stiftelsestilsynet, men delegerer ansvar og fullmakter til avdelingsdirektørane. Vanlegvis er det leiarmøte kvar veke. I 2020 blei det i periodar gjennomført daglege møte eller fleire møte i veka for å diskutere pandemirelaterte spørsmål. Leiinga hadde òg eit tett samarbeid med tillitsvalde og verneteneste for å sikre god og lik forståing av utfordringane og etablerte smitteverntiltak. Tilsette arbeidde i lange periodar frå heimekontor, og samhandling skjedde i stor grad via digitale flater. Både leiarar og tilsette viste stor omstillingsevne og tilpassa seg til den nye situasjonen. Vi hadde gode teknologiske løysingar før pandemien og utvikla desse ytterlegare for å optimalisere arbeidssituasjonen. Tillitsvalde og vernetenesta var ein viktig lyttepost for å fange opp signal frå dei tilsette om korleis dei opplevde denne ekstraordinære situasjonen.

Internt la vi stor vekt på informasjon til tilsette. For at alle skal kunne vite kva som gjeld til kvar tid, må vi gi klare og

tydelege meldingar. Spesielt viktig er dette når vi arbeider frå heimekontor.

Den daglege drifta var elles i samsvar med våre planar og prosedyrar.

## Økonomistyring og innkjøp

Omtale av rekneskapen finn du i del VI.

Økonomistyringa i tilsynet har stabilitet og god måloppnåing. Driftsbudsjettet blei revidert to gongar i 2020. Året var krevjande når det gjaldt å komme med prognosar for drift. Fleire kostnadskomponentar fekk eit unormalt forløp som følge av redusert reiseaktivitet, heimekontor og ikkje minst dei omfattande oppgåvene knytte til handtering av krisepakkar.

Arbeidet med å motverke arbeidslivskriminalitet gjennom handtering av innkjøp er eit ansvar statleg sektor har i fellesføringane. Lotteri- og stiftelsestilsynet har dette aspektet med ved anbudsprosessar og inngåing av kontraktar. Vi har ikkje på våre innkjøpsområde vurdert risikoen for arbeidslivskriminalitet som overhengande. På fleire område nyttar vi dei sentrale statlege rammeavtalane.

Ved anbudsprosessar bruker vi elektronisk løysing for konkurransegjennomføring levert av DFØ.

## Riksrevisjonen

Tilbakemeldingane frå Riksrevisjonen har også for 2019-rekneskapen vore gode. Vi har halde fram på same måte i 2020 og hatt ein god dialog med Riksrevisjonen.


Hausten 2020 starta Riksrevisjonen også ein gjennomgang av staten si forvaltning av krisepakkanne. Vi er godt i gang med å levere vår del av revisjonsgrunnlaget.

## Arbeid med internkontroll

Internkontrollen er vesentleg endra og forbetra i 2020. Prosjektet som starta i 2019, er i stor grad fullført og delvis implementert.



Det er etablert eit nytt dokumenthierarki:



Dei tre øvste nivåa utgjer dei styrande dokumenta våre. Dokument på nivå 4 er ikkje definerte som styrande dokument, men dei er nyttige i det daglege arbeidet.

Dokumentstrukturen er bygd på same prinsipp som den nye organisasjonsmodellen vår. Utover styringsprosessane er dei styrande prosessane våre delte inn i kjerneprosessar (forvaltning, tilsyn og kunnskapsbygging) og støtteprosessar.



Vi har òg etablert nøkkelkontrollar for viktige og prioriterte område. Leiara har ansvar for at nøkkelkontrollane blir gjennomførte, og skal rapportere eventuelle avvik. På denne måten kan direktøren følge med på at vi etterlever internkontrollen vår, og at vi ikkje har avvik på sentrale område.

**HMT og arbeidsmiljø**

Mål for HMT-arbeid i Lotteri- og stiftelsestilsynet er at vi skal

- vere ein attraktiv arbeidsplass
- redusere sjukefråværet
- førebygge helseskadar og ulykker
- drive miljø- og klimavenleg

Året 2020 var i stor grad prega av covid-19. Alle tilsette blei sende på heimekontor 12. mars. Vi hadde tett dialog med tillitsvalde og verneombod i heile perioden. Formålet var å legge til rette for best moglege løysingar for dei tilsette innan gitte rammer. Vi gjennomførte i april ei kartlegging blant dei tilsette om korleis dei hadde det på heimekontor, og ho viste at dei fleste hadde det bra. Vi hadde fokus på smittevern etter at vi opna opp for at tilsette kunne komme tilbake på arbeidsplassen, slik at dei skulle føle seg trygge. Vi hadde ut 2020 ei fleksibel ordning med heimekontor for tilsette som ønskte det.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har knytt til seg ekstern bedriftshelseteneste. Frå 2021 og i fire år framover har vi avtale med Bedriftshelse 1. Bedriftshelsetenesta har mellom anna gitt tilsette tilbod om ergonomisk rettleiing, influensavaksine og rådgiving knytt til covid-19. I tillegg har dei deltatt på møte i arbeidsmiljøutvalet. I 2020 innførte vi også Akan-ordning og gjennomførte Akan-opplæring for leiarar, verneombod og tillitsvalde.

I 2020 knytte vi oss også til opplæringskontor for lærlingane våre.

### Sjukefråvær

Sjukefråvær fekk mykje merksemd av organisasjonen i 2019, men vi enda likevel opp på eit sjukefråvær på 6,8 prosent det året. I 2020 fortsette vi arbeidet med å få ned sjukefråværet, og vi hadde ein betydeleg nedgang med eit sjukefråvær på 2,7 prosent. Vi har kontinuerleg fokus på sjukefråvær gjennom heile året, frå både leiarane og arbeidsmiljøutvalet si side.

### Rekruttering og inkluderingsdugnaden

I 2020 gjennomførte vi seks rekrutteringsprosessar, inkludert trainee. Bakgrunnen for rekrutteringsprosessane var at fire slutta, éin gjekk av med AFP, og éi ny stilling blei oppretta som følge av omorganisering av organisasjonen.

Vi har i all hovudsak god tilgang på søkarar og har tilsett kvalifiserte søkarar i alle ledige stillingar.

Vi har ved rekruttering hatt fokus på å nå måla for inkluderingsdugnaden. Erfaringa er som tidlegare år at det er få søkarar som oppfyller kriteria for ordninga. Berre to søkarar hadde kryssa av for nedsett funksjonsevne. Søkarar med hol i CV-en er det vanskelegare å kartlegge i prosessane. Generelt er det utfordrande å nå måla, då utlysingane våre stiller krav til kompetanse som gjer at søkartilfanget kan bli lite.

Vi har deltatt i og tilsett trainee gjennom staten sitt trainee-program, og i tillegg har vi tilsett ein vikar som oppfyller kriteria for målgruppa til inkluderingsdugnaden.

Tilsynet iverksette tiltak for å nå måla i 2020, og delar av leiargruppa gjennomførte i løpet av året Difi sine seminar om inkluderingsdugnaden. I 2021 er planen at fleire som arbeider med rekruttering, skal gjennomføre seminarrekka. Vi vil dessutan vurdere å delta i statens sitt traineeprogram. Vi har endra utlysingstekstane våre i samsvar med råd frå Arbeidsgiverportalen. Rekrutteringsprosedyrane våre er reviderte, og vi har tydeleggjort ansvaret for inkludering, likestilling og arbeid mot diskriminering.

Vi tilsette ikkje læringar i 2020, då vi har ein innan kontor-fag og ein innan IKT som skal ta fagprøva i 2021.

### Informasjon og dialog

Arbeidsgivar og tillitsvalde har faste partssamarbeidsmøte (IDF) kvar tredje veke. IDF utarbeider i fellesskap eit årshjul som dannar ei ramme for arbeidet gjennom året. Arbeidsmiljøutvalet har møte kvart kvartal og elles etter behov. Samarbeidet i begge foruma er godt.

Det er vidare avdelingsmøte på kvar avdeling etter fast mønster. I 2020 blei det gjennomført medarbeidersamtalar med alle tilsette i samsvar med rutineane våre.

### Likestilling

Lotteri- og stiftelsestilsynet arbeider for å fremme likestilling i samsvar med regelverket og har eit bevisst forhold til dette i samband med rekruttering og lønsplassering. Vi har lik fordeling mellom kvinner og menn, jf. siste avsnitt her. Dette gjeld også for leiinga, der vi per i dag har halvparten menn og halvparten kvinner.

Lotteri- og stiftelsestilsynet arbeider med likestilling og mot diskriminering i tråd med lovgiving og anbefalingar. Gjennom personalpolitikken vår legg vi til rette for fleksibilitet gjennom fleksitidsordning og moglegheit for heimekontor. Slik kan dei tilsette ha ein god heim-jobb-balanse.

Ved inngangen til 2020 blei det gjennomført ein likestilling- og diskrimineringsanalyse i tilsynet. Resultatet viste at likestillinga i tilsynet er svært god, og at det er få grunnar til å tru at det går føre seg diskriminering basert på diskrimineringsgrunnlaga i likestillingslova. Resultatet av undersøkinga blei lagt fram for dei tillitsvalde og leiargruppa og danna utgangspunkt for vidare arbeid gjennom året.

## Kjønnsfordeling – alle tilsette (i prosent)

År	Totalt			Leiarstillingar			Løn
	Kvinner	Menn	Tal tilsette	Kvinner	Menn	Tal tilsette	Kvinner/menn
2018	54,7%	45,3%	64	50%	50%	4	92,4%
2019	50,7 %	49,3%	75	60%	40%	5	92,8%
2020	50,6 %	49,4 %	77	50 %	50 %	6	89,1%

Våre tillitsvalde er involverte i prosessar knytte til rekrutteringsarbeid, arbeid med løns- og arbeidsvilkår og forfremming gjennom forhandlingar. IDF er forumet for involvering i personalprosessar. I tillegg er dei tilsette representerte i arbeidsmiljøutvalet, der ein diskuterer arbeidsmiljøspørsmål. Dette kan i nokre tilfelle vere relevant for arbeidet med likestilling og mot diskriminering. Dei tilsette er også representerte i tilsettingsrådet, og på den måten kan dei vere med på å fremme likestilling og hindre diskriminering i rekrutteringsprosessar.

Blant tiltaka vi i 2020 innførte for å legge til rette for likestilling og inkludering, er at vi la inn sakstypen likestilling og diskriminering i avvikssystemet vårt, at vi oppretta kvile-rom, og at vi installerte berøringsfrie dørøpnarar.

Gjennomsnittsalderen i Lotteri- og stiftelsestilsynet er 45,1 år. Dette er noko høgare enn året før, då gjennomsnittsalderen var 44,8 år, medan han i 2018 var 46 år. Mange av dei tilsette har lang fartstid i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Heile 16 tilsette har over 15 års ansiennitet, og ytterlegare 12 tilsette har mellom 12 og 14 års ansiennitet. Dette sikrar kontinuitet og erfaring. I 2020 var det tilsett 49,3 prosent menn og 50,7 prosent kvinner.

### Organisasjonsutvikling og omorganisering

Våren 2019 fekk vi ny strategi, og denne medførte behov for å vurdere kva som var den mest tenlege organiseringa for å operasjonalisere ambisjonane våre. Målet med prosessen var å vedta ein organisasjonsmodell som er tilpassa strategien. Dessutan måtte organiseringa vere hensiktsmessig for dei oppgåvene, krava og utfordringane vi til kvar tid står overfor.

Proessen la opp til brei involvering av leiding og tilsette. Dette blei noko meir utfordrande enn det ville ha vore i ein normal-situasjon, sidan alle blei sende på heimekontor 12. mars.

Prosjektgruppa leverte framlegg til ny organisering, og framlegget blei forhandla med dei tillitsvalde i juni og deretter vedtatt. I hovudtrekk går endringane ut på at vi

i staden for to fagavdelingar, Lotteritilsynet og Stiftelsestilsynet, no har tre: Frivilligheitsstøtte, Pengespel og Stiftelsar. I tillegg blei administrasjonen som avdeling løyst opp og gjord om til tre nye stabar: Økonomi og verksemdsstyring, IT og dokumenthandtering og Organisasjon og personale.

I tillegg blei det vedtatt å etablere sjølvstyrte lag som skal utgjere basiseininga i organisasjonen. Ingen stillingar blei overflødige, og det blei ikkje oppretta fleire stillingar som følge av prosessen.

Ny organisasjonsmodell blei vedtatt gjennomført frå 1. januar 2021.

### Samfunnstryggleik og beredskap

Pandemien medførte at vi tok i bruk beredskapsplanen. Frå starten av pandemien, etter nasjonal nedstenging, innførte vi faste beredskapsmøte. På desse møta diskuterte og vurderte vi situasjonen, og vi vedtok og sette i verk ulike smitteverntiltak. Dette heldt vi fram med i heile 2020, avhengig av den rådande situasjonen i vårt område. Så langt opplever vi at organisasjonen har fungert bra også i ein svært krevjande situasjon. I 2020 gjennomførte vi ikkje eigne øvingar utover dette.

I tida framover vil det vere viktig å hente lærdom frå pandemien, slik at erfaringane våre kan danne grunnlag for revisjon av beredskapsplanen.

### Ytre miljø

Standardiseringa av løysingane våre for videokonferansar heldt fram i 2020. Dette viste seg å vere ei god investering og ei stor forenkling for brukarane våre. Vi innførte òg Microsoft Teams som ny samhandlingsplattform og har hatt svært god nytte av det under pandemien.

Erfaringane frå 2020 vil truleg medføre at vi i framtida vil arbeide på andre måtar enn før pandemien, og at vi vil halde fram med auka bruk av digitale løysingar.

# Framtidsutsikter for Lotteri- og stiftelsestilsynet

Frivillig sektor og stiftelsar er viktige aktørar i det norske sivilsamfunnet, og vi håper dei vil kunne starte opp att normal aktivitet i løpet av 2021. Kritiske faktorar som deltaking og rekruttering blir sette på prøve under pandemien. Vi veit enno ikkje kva konsekvensar avgrensinga og nedstenginga vil ha på lang sikt.

Som forvaltar og tilsynsmyndigheit vil Lotteri- og stiftelsestilsynet dei kommande åra oppleve at oppgåver og utfordringar blir påverka av at aktiviteten skal komme i gang igjen etter pandemien. Vi skal bruke verkemidla våre for å legge til rette for lovleg og samfunnsnyttig aktivitet.

Arbeidet med lovrevisjon på både stiftelses- og pengespelområdet er viktig. På den måten bidrar vi til å utvikle stiftelsessektoren og filantropien og til at vi får ei pengespellov som er tilpassa utfordringane i dagens og morgondagens marknad. Desse heilt nødvendige lovrevisjonane vil vere premissgivarar for Lotteri- og stiftelsestilsynet sine oppdrag i åra framover.

## Pengespel

Eit sentralt mål på pengespelområdet er å sikre at pengespel og lotteri skjer i trygge former under offentlig kontroll. Dessutan skal vi førebygge negative konsekvensar av pengespel- og lotteritilbodet.

Ei ekstra utfordring vi har fått no, er å finne ut korleis pandemien påverkar omfanget av speleproblem. Det er enno for tidleg å seie noko sikkert om omfanget, men vi har klare indikasjonar på at isolasjon og heimekontor har ein negativ effekt.

Vi har lenge sett at det er arbeidskrevjande å hindre at spelselskap som ikkje har lisens i Noreg, tilbyr spel i den norske marknaden. Det set verkemidla og ressursane våre på prøve. Mykje tyder no på at dei reguleringane styremaktene i seinare år har iverksett, har positiv effekt. Pengespel er eit område der det primært er heilskapen av tiltaka som verkar på lang sikt.

Den nye lova om pengespel skal gi oss eit godt nok rammeverk til å regulere ein sterkt teknologidreven pengespelmarknad. Lova vidarefører hovudlinjene i den norske einettsmodellen, og ho gir tydelege rammer for våre forvaltnings- og tilsynsoppgåver. Lotteritilsynet si rolle blir styrkt gjennom betre verkemiddel for å sikre at pengespel skjer i lovlege former. Lova gjer det tydeleg at Lotteritilsynet skal drive kontroll og tilsyn og ha reine forvaltningsoppgåver. Ei samla og felles lovgiving på pengespelfeltet skal gi meir effektiv og føreseieleg forvaltning av regelverket.

Eit anna sentralt mål for Lotteritilsynet er å legge til rette for at overskot frå pengespel og lotteri går til helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur. Vi har i dag ein godt innarbeidd forvaltningspraksis, og vi kjenner sektoren godt. Det gir oss eit solid grunnlag for å nå dette målet i åra framover.

## Frivilligheit

Frivillighetsområdet er det fagfeltet der arbeidsoppgåvene våre har vakse mest i seinare år. Det gjeld også om vi ser bort frå den spesielle situasjonen vi er i no, med forvaltning av stimuleringsordningar for frivilligheit, idrett og kultur.

Det sentrale målet er å sikre ei forsvarleg forvaltning av ordningane for meirverdiavgiftskompensasjon. Vi har ein godt innarbeidd forvaltningspraksis for frivilligheitsstøtte og god fagkompetanse på området. Vi har dermed gode føresetnader for å forvalte ordningane med stabilitet, tryggleik og brukarvenlege løysingar.

Vi har eit klart mål om å digitalisere der vi kan digitalisere. Det nye systemet for tilskotsforvaltning skal mellom anna gjere det mogleg å automatisere manuelle prosessar og forenkle søknadsprosessar. Dette systemet skal etter planen bli ferdig i 2021 og gi oss eit godt utgangspunkt framover.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har gjennom mange år bygd opp solid fagkompetanse og gode løysingar. Dette gjer at vi er rusta til å ta på oss fleire forvaltningsoppgåver overfor frivillig sektor dersom departementa ønsker det.

## Stiftelsar

Å sikre ei forsvarleg forvaltning av stiftelsar er eit viktig styringssignal og rammeverk for stiftelsesområdet.

Dagens stiftelseslov treng modernisering. Mykje av lova er basert på utfordringane ein hadde på 1990-talet. Den nye lova om stiftelsar må skape eit rammeverk som utviklar filantropien innan trygge rammer, og som reflekterer den faktiske rolla stiftelsane spelar i dag. Lova vil legge rammene for vårt forvaltnings- og tilsynsarbeid overfor stiftelsar i åra framover. Stiftelsestilsynet skal sikre god informasjon til stiftelsane og implementere eventuelle endringar og saksbehandlingsrutinar som følger av nytt lovverk.

Tilsynsarbeidet vårt gir best effekt når vi bruker det som eit førebyggjande tiltak i staden for at vi har den tradisjonelle og meir reaktive tilsynsrolla. Vi må satse meir på kvalitative tilsyn der vi i større grad vurderer effekt og kvalitet, og i mindre grad fører sjekklisterilsyn. Dette er ressurs- og kompetansekravjande, noko som gjer at vi må prioritere rett og utvikle organisasjonen.

Det er relativt stabilt på stiftelsesområdet i dag, men over tid har vi sett ein moderat nedgang i tal stiftelsar. Fleire mindre stiftelsar vel avvikling eller samanslåing. Samtidig ser vi spennande nyregistreringar.

Vi skal med våre rammevilkår og vår fagkompetanse kunne nå måla for Stiftelsestilsynet i åra framover.

## Digitalisering og kompetanseutvikling

Vi legg vekt på å vere ein moderne, framtidretta og tilpassingsdyktig organisasjon. Den seinare tida har vi gjennomført ei organisasjonsutvikling som gjer at vi skal vere godt rusta for framtida. Vi held fram arbeidet med å effektivisere eigen organisasjon, men det kan vere krevjande å drive innovasjon og utvikling når vi allereie har avgrensa ressursar til løpande oppgåver.

Løysingar som gir ein langsiktig effektiviseringsgevinst, for både brukarane og tilsynet, er ressurskrevjande på kort sikt. Vi etterlyser ei sterkare samordning mellom departementa for å utvikle felleskomponentar, og vi ønsker at det blir etablert arenaer for kompetansedeling. Vi er ikkje i tvil om at det vil skape synergieffektar og redusere kostnader.

Vi skal i tida framover arbeide med digitalisering og utvikling av brukarvenlege løysingar, og vi skal utarbeide ein samla IKT-strategi som stakar ut kursen for sourcing, systembruk og systemutvikling dei kommande åra.

Kompetanseutvikling er eit sentralt element i strategien vår. Vi meiner at kompetanse er avgjerande for å utføre oppdraga våre og utvikle verksemda. Pandemien har medført mykje arbeid med krisepakkar og lite reiseaktivitet, noko som igjen har avgrensa kursing og andre tiltak. Det blir derfor viktig for tilsynet å prioritere kompetanseplanlegging og -utvikling så snart det lèt seg gjere.

Eit anna satsingsområde er å styrke kunnskapsformidlinga overfor dei sektorane der vi har forvaltnings- og tilsynsansvar. Vi ser at samfunnet treng meir kunnskap om fagområda våre. Vi sit på ein unik kombinasjon av fagkunnskap og data, og det er viktig at vi tar rolla som ein objektiv kunnskapsleverandør på våre felt. Gjennom samanstilling og tilrettelegging av den kunnskapen vi sit på, vil vi kunne seie mykje om korleis dei ulike verkemidla påverkar samfunnet.

# Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2020

## Formål

Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kulturdepartementet og er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet. Tilsynet er statens fagorgan på områda lotteri og pengespel, stiftelsar, moms-kompensasjon til frivillige organisasjonar og tilsyn med Grasrotandelen. Dei primære målgruppene for tilsynet er frivillige organisasjonar og stiftelsar.

Del II i årsrapporten inneheld ein introduksjon til tilsynet og hovudtal for verksemda.


## Stadfesting

Årsrekneskapen er levert i tråd med føresegnene om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i instruks om økonomistyring.

Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilde av tilsynet sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og inntekter.

## Vurdering av vesentlege forhold

Lotteri- og stiftelsestilsynet har disponert løyvingar på utgiftssida på til saman 4 403 982 000 kroner. Ordningane for momskompensasjon utgjer 1 974 649 000 kroner av tildelegingane, og kompensasjonsordningane for arrangørar på kultur-, frivilligheits- og idrettsfeltet utgjer 2 328 000 000 kroner. For den sistnemnde ordninga er det eit mindreforbruk som blir overført til 2021.



Løn utgjer 63 prosent av driftsutgiftene. Det er ein auke på 2 prosent frå året før, og vi er med dette om lag på gjennomsnittet for statleg sektor.

Forbruket på drift auka med 5,3 millionar kroner når vi ser postane 01 og 21 samla, sjølv om vi var i eit unntaksår med redusert reiseaktivitet og færre arrangement. Forklaringa er at vi har hatt mykje arbeid med å få på plass og gjennomføre kompensasjonsordningar og krisepakkar for arrangørar på kultur-, frivilligheits- og idrettsfeltet. Vi hadde eit overtidforbruk på nær 2 millionar kroner, og det er meir enn ei dobling samanlikna med det vi reknar som normalforbruk.

Det er hovudsakleg lønsutgiftene som har auka i 2020. Varer og tenester har lege stabilt, som grafen viser. Tal utførte årsverk er 67. Det er 4 meir enn året før.

I 2020 har vi prioritert utviklingsprosjekt for organisasjon og internkontroll, og dessutan utvikling av nytt saksbehandlingssystem for tilskot, innanfor driftsramma. Systemløysinga har vi også tilpassa til handtering av krisepakkar, noko som har kravd ressursar.

Våre tre største leverandørar i 2020 var konsultentselskapet Vaadin (7 millionar), som vi mellom anna nyttar til utvikling av ny løysing for tilskot, huseigar Futurum (6,8 millionar) og Cerit Fjordane IT (4 millionar), som er vår hovudleverandør på IKT.

Lisensar utgjorde 5,1 millionar kroner. Dei seinare åra har lisenskostnader blitt ein betydeleg kostnad.

På reiseutgifter hadde vi naturleg nok stor nedgang med eit forbruk på om lag 0,5 millionar kroner, mot 2,3 millionar året før.


Post 21 har dekt utgifter knytte til handlingsplan mot speleproblem og drift og utvikling av Anleggsregisteret.

Overførbare beløp til 2022 er på godt under 100 000 kroner på både post 01 og 21, så det er liten eller ingen buffer med over i 2022. Kapittel 325 post 77, Kompensasjonsordning for

arrangørar på kultur-, frivilligheits- og idrettsfeltet, har eit mindreforbruk på 846 764 000 kroner. Denne posten har stikkordet «kan overførast».

Lotteri- og stiftelsestilsynet er finansiert gjennom avgifter, gebyr og refusjonar.

Dei største inntektskomponentane er refusjonen frå Norsk Tipping og årsavgifta frå stiftelsar.



Årsavgifta frå stiftelsane har lege stabilt lenge. Refusjonen frå Norsk Tipping har hatt ein moderat auke.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har over tid god stabilitet og tryggleik på inntektskomponentane og inntektsmodellen. Innkrevjingsprosenten for årsavgift frå stiftelsar er tilnærma 100 prosent.

Trass i stor grad av stabilitet opplevde vi i 2020 for første gong ein nedgang i gebyra knytte til bingoløyve. Særleg hausten 2020 blei delar av bingomarknaden råka av nedstenging som følge av pandemien. Nedgang i tal løyve og vanskar med å betale gebyr innan fristen førte til ei mindreinntekt på 795 000 kroner på denne inntektsposten.

### Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er revisor og skal stadfeste årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Årsrekneskapen er per dags dato ikkje ferdig revidert, men revisjonsberetninga er venta klar i andre kvartal 2021.

Førde, mars 2021

Atle Hamar  
direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet

# Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet er utarbeidd og levert etter nærare retningslinjer i føresegner om økonomistyring i staten («føresegnene»), fastsette 12. desember 2003 med endringar, seinast 23. september 2019.

Årsrekneskapen er i samsvar med føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsette av eige departement.

Oppstillinga av bevilgningsrapporten omfattar ein øvre del med bevilgningsrapport og ein nedre del som viser beholdningar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporten har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassa.

## Følgjer kalenderåret

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorrapporten er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen.

Rekneskapen følger kalenderåret:

- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorrapporten er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa er i tråd med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemdar er knytte til statens konsernkontoordning i Norges Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemdar) blir ikkje tilførte likviditet gjennom året. Ved overgang til nytt år blir saldoen nullstilt på den einstilte oppgjerskontoen.

## Bevilgningsrapporten

Bevilgningsrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Informasjonen blir stilt opp etter dei kapittel og postar i bevilgningsrekneskapen som tilsynet har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser finansielle egedelar og forpliktingar tilsynet står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonnen for samla løyving viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

## Artskontorrapporten

Artskontorrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ein trekkrett for disponible løyvingar på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Note 8 til artskontorrapporten viser skilnader mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa.



# Bevilgningsrapport for 2020

Utgifts-kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2020	Meirutgift (-) og mindreutgift
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	92 852 000	92 526 473	325 527
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	8 481 000	8 470 859	10 141
0315	Frivillighetsformål	70	Mva.-kompensasjon (frivillige organisasjonar)	A	1 685 000 000	1 684 998 364	1 636
0315	Frivillighetsformål	82	Mva.-kompensasjon (bygging av idrettsanlegg)	A	289 649 000	290 420 481	-771 481
0325	Frivillighetsformål	77	Kompensasjonsordningar for arrangørar	A, B	2 328 000 000	1 481 236 000	846 764 000
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Driftsutgifter		0	6 679 692	
<b>Sum utgiftsført</b>					<b>81 959 000</b>	<b>98 805 303</b>	

Inntekts-kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2020	Meirinntekt og mindreinntekt(-)
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	02	Gebyr frå lotteri	B	8 253 000	7 457 813	-795 187
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	04	Registreringsgebyr frå stiftelsar	B	163 000	178 110	15 110
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	07	Inntekter ved oppdrag	B	9 188 000	9 230 000	42 000
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	71	Årsavgift frå stiftelsar	B	24 094 000	24 593 920	499 920
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	73	Refusjon frå Norsk Tipping og Rikstoto		44 366 000	44 366 000	0
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	636 675	
5700	Arbeidsgivaravgift	72	Arbeidsgivaravgift		0	7 256 410	
<b>Sum inntektsført</b>					<b>86 064 000</b>	<b>93 718 928</b>	

<b>Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen</b>		<b>3 470 612 941</b>
Kapitalkontoar		
60075901	Norges Bank KK / innbetalingar	94 255 833
60075902	Norges Bank KK / utbetalingar	-3 826 057 310
703803	Endring i mellomvære med statskassa	486 055
<b>Sum rapportert</b>		<b>-260 702 481</b>

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)

		31.12.2020	31.12.2019	Endring
703803	Mellomvære med statskassa	-2 663 202	-3 149 257	486 055

## Note A: Forklaring av samla løyving

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Sama løyving
33901	2 510 000	90 342 000	92 852 000
33921	501 000	7 980 000	8 481 000
31570	0	1 685 000 000	1 685 000 000
31582	0	289 649 000	289 649 000
32577	0	2 328 000 000	2 328 000 000

## Note B: Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre etter avgitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) etter meirinntektsfullmakt (justert for eventuell mva.)	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
33901		325 527		325 527	-280 157			45 370	3 983 000	45 370
33921	«kan overføres»	10 141		10 141	42 000			52 141		52 141
32577	«kan overføres»	846 764 000		846 764 000	0			846 764 000		846 764 000

## Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Verksemda sine løyvingar på kapittel/post 33921 og 32577 er gitt med stikkordet «kan overføres».

## Romartalsvedtak

Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33901, jf. Prop. 1 S (2019–2020). Løyvinga under kapittel/post 33901 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kapittel/post 333902, 333904 og 556871. Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33921, jf. Prop. 1 S (2018–2019). Løyvinga under kapittel/post 33921 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kapittel/post 333907. Ubrukte meirinntekter kan reknast med ved utrekning av overførbare beløp.

## Mogleg overførbart beløp

Lotteri- og stiftelsestilsynet si ubrukte løyving på kapittel/post 33901 er på til saman 45 370 kroner, og dette blir rekna som mogleg overføring til neste budsjettår ut frå 5 %-regelen. Beløpet som står på kapittel/post 33921, kan overføres i sin heilskap, då stikkordet «kan overføres» er knytt til kapittel/post. Beløpet inngår i berekninga av mogleg overførbart beløp til neste år. Kapittel/post 32577 har eit mindreforbruk på 846 764 000 kroner, og posten har stikkordet «kan overføres». Mogleg overføring til neste år er ei berekning, og Lotteri- og stiftelsestilsynet får tilbake-melding frå overordna departement om endeleg beløp.

Løyvingane under kapittel/post 31570 og 31582 er ikkje overførbare.

# Artskontorrapport for 2020

	Note	2020	2019
<b>Driftsinntekter rapporterte til bevilgningsrekneskapen</b>			
Innbetalinger frå gebyr	1	7 635 923	8 992 057
Andre innbetalinger	1	9 230 000	12 383 000
Sum innbetalinger frå drift		16 865 923	21 375 057
<b>Driftsutgifter rapporterte til bevilgningsrekneskapen</b>			
Utbetalinger til løn	2	59 169 534	54 389 629
Andre utbetalinger til drift	3	37 186 165	34 708 350
Sum utbetalinger til drift		96 355 699	89 097 978
Netto rapporterte driftsutgifter		79 489 776	67 722 921
<b>Investerings- og finansutgifter rapporterte til bevilgningsrekneskapen</b>			
Utbetaling til investeringar	5	2 039 608	4 223 802
Utbetaling av finansutgifter	4	2 025	5 994
Sum investerings- og finansutgifter		2 041 633	4 229 796
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		2 041 633	4 229 796
<b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	69 506 095	70 669 394
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		69 506 095	70 669 394
<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>			
Utbetalinger av tilskot og stønader	7	3 719 957 326	1 881 548 051
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		3 719 957 326	1 881 548 051
<b>Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel</b>			
Gruppelivsforsikring, konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		90 500	86 150
Arbeidsgivaravgift, konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		7 256 410	6 674 702
Nettoføringsordning for meirverdiavgift, konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		6 679 692	6 502 814
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-667 218	-258 038
Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen		3 731 315 422	1 882 573 336
<b>Oversikt over mellomvære med statskassa</b>			
Eigedelar og gjeld		2020	2019
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-1 947 049	-2 023 096
Skuldig meirverdiavgift		-712 853	-1 129 192
Anna kortsiktig gjeld		-3 300	3 031
Sum mellomvære med statskassa	8	-2 663 202	-3 149 257

## Notar

### Note 1: Inntekter rapporterte til bevilgningsrekneskapen

	2020	2019
<b>Innbetalinger frå gebyr, avgifter og refusjonar</b>		
Gebyr frå lotteri	7 458 000	8 770 477
Saksbehandlingsgebyr ifølgje samvirkelova	0	56 000
Registreringsgebyr frå stiftelsar	178 000	165 580
<b>Sum innbetalinger frå gebyr</b>	<b>7 636 000</b>	<b>8 992 057</b>
<b>Andre innbetalinger</b>		
Oppdrag med utvikling av Anleggsregisteret	2 600 000	3 200 000
Handlingsplan mot speleproblem	6 630 000	6 283 000
Nasjonal plattform mot kampfiksing	0	2 900 000
<b>Sum andre innbetalinger</b>	<b>9 230 000</b>	<b>12 383 000</b>
<b>Sum innbetalinger frå drift</b>	<b>16 866 000</b>	<b>21 375 057</b>

### Note 2: Utbetalinger til løn

	2020	2019
Løn	47 881 950	44 109 306
Arbeidsgivaravgift	7 256 410	6 674 702
Pensjonsutgifter	5 299 829	5 000 844
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-2 263 022	-2 503 357
Andre ytingar	994 367	1 108 134
<b>Sum utbetalinger til løn</b>	<b>59 169 534</b>	<b>54 389 629</b>
<b>Tal årsverk:</b>	<b>67</b>	<b>63</b>

**Note 3: Andre utbetalinger til drift**

	2020	2019
Husleige	6 184 290	6 138 697
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	843 104	213 557
Andre utgifter til drift av eidegom og lokale	1 473 926	1 558 357
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr m.m.	407 256	263 666
Mindre innkjøp av utstyr	408 234	490 862
Leige av datautstyr og system (årlege lisensar m.m.)	5 126 315	4 948 134
Kjøp av konsulenttenester	10 839 761	8 620 095
Kjøp av framande tenester	8 399 291	7 006 487
Reiser og diett	619 961	2 279 102
Andre driftsutgifter	2 883 029	3 189 393
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>37 185 167</b>	<b>34 708 350</b>

Her er ført tre bilag, samla sum kr 123 475,42, som IT-kjøp under kr 30 000. Årsaka er at bilaga består av enkeltvis artiklar med lågare sum enn kr 30 000. Rett kontering er konto 4980 for IT-kjøp over kr 30 000, jf. note 5.

**Note 4: Finansutgifter**

	2020	2019
<b>Utbetaling av finansutgifter</b>		
Renteutgifter	2 025	5 994
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>2 025</b>	<b>5 994</b>

**Note 5: Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjer**

	2020	2019
<b>Utbetaling til investeringar</b>		
Inventar, datamaskiner (serverar m.m.)	2 039 608	4 223 802
<b>Sum utbetaling til investeringar</b>	<b>2 039 608</b>	<b>4 223 802</b>

**Note 6: Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten**

	2020	2019
Refusjon frå Norsk Tipping	41 821 144	38 669 144
Refusjon frå Norsk Rikstoto	2 544 856	2 527 856
Avgifter på stiftelsesområdet	24 593 920	24 533 180
Diverse refusjonar	0	76 559
Tilfeldige og andre inntekter	546 175	4 862 655
<b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>	<b>69 506 095</b>	<b>70 669 394</b>

## Note 7: Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

	2020	2019
Meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjonar	1 684 998 364	1 607 243 860
Meirverdiavgiftskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg	290 420 481	272 004 191
Kompensasjonsordningar for arrangører innan kultur, frivilligheit og idrett	1 481 236 000	0
Tilskot til handlingsplan mot speleproblem	2 600 000	2 300 000
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten</b>	<b>3 459 254 845</b>	<b>1 881 548 051</b>

## Note 8: Samanheng mellom avrekning og mellomvære med statskassa

	31.12.2020 Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	31.12.2020 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Skilnad
<b>Omløpsmidlar</b>			
Kundefordringar	521 013	0	521 013
Andre fordringar	-3 380	0	-3 380
<b>Sum</b>	<b>517 633</b>	<b>0</b>	<b>517 633</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Skuldig skattetrekk	-1 947 049	-1 947 049	0
Skuldig meirverdiavgift	-712 853	-712 853	0
Anna kortsiktig gjeld	-3 300	-3 300	
<b>Sum</b>	<b>-2 663 202</b>	<b>-2 663 202</b>	<b>0</b>
<b>Sum</b>	<b>-2 145 569</b>	<b>-2 663 202</b>	<b>517 633</b>



Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde  
Tlf.: 57 82 80 00  
postmottak@lottstift.no  
lottstift.no



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet





Riksrevisjonen

Vår saksbehandler

John Arild Bertrandsen 22241363

Vår dato

21.04.2021

Deres dato

Vår referanse

2020/00460-8

Deres referanse

LOTTERI- OG STIFTELSESTILSYNET

Postboks 800

6805 FØRDE

## Revisjon av årsregnskapet for Lotteri- og stiftelsestilsynet 2020

Vedlagt følger revisjonsberetningen for Lotteri- og stiftelsestilsynets årsregnskap for 2020.

Riksrevisjonen har revidert virksomhetens regnskap i samsvar med lov og instruks om Riksrevisjonen og internasjonale standarder for offentlig revisjon.

### Offentliggjøring av revisjonsberetning

Revisjonsberetningen er Riksrevisjonens konklusjon på gjennomført finansiell revisjon. Denne revisjonsberetningen omfattes ikke av bestemmelsen om utsatt offentlighet i lov om Riksrevisjonen § 18 2. ledd.

Revisjonsberetningen skal i samsvar med Bestemmelser om økonomistyring i staten punkt 2.3.3 publiseres på virksomhetens nettsider sammen med årsrapporten.

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén  
ekspedisjonssjef

Stein Jahren  
avdelingsdirektør

*Brevet er godkjent og ekspedert digitalt.*

Postadresse

Postboks 6835 St Olavs plass  
0130 Oslo

Kontoradresse

Storgata 16

Telefon

22 24 10 00

E-post

postmottak@riksrevisjonen.no

Nettside

www.riksrevisjonen.no

Bankkonto

7694 05 06774

Org.nr.

974760843

Vedlegg: 1

Liste over kopimottakere:

KULTURDEPARTEMENTET



LOTTERI- OG STIFTELSESTILSYNET

Org. nr.: 982391490

## Riksrevisjonens beretning

Til Lotteri- og stiftelsestilsynet

### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

#### **Konklusjon**

Riksrevisjonen har revidert Lotteri- og stiftelsestilsynets årsregnskap for 2020. Årsregnskapet består av ledelseskomentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2020.

Bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 3 731 315 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir Lotteri- og stiftelsestilsynets årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2020 og kapitalposter pr 31. desember 2020, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

#### **Grunnlag for konklusjonen**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI 2000–2899). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og ISSAI 130 (INTOSAI<sup>1</sup> etikkregler), og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

#### **Øvrig informasjon i årsrapporten**

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative

---

<sup>1</sup> International Organization of Supreme Audit Institutions

regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.

Det er ingenting å rapportere i så måte.

### **Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet**

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

### **Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet**

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten

Vi kommuniserer med ledelsen blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen, og informerer det overordnede departementet om dette.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen, og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

## **Uttalelse om øvrige forhold**

### ***Konklusjon om etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring***

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000 for etterlevelserevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

Oslo; 21.04.2021

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén  
ekspedisjonssjef

Stein Jahren  
avdelingsdirektør

*Beretningen er godkjent og ekspedert digitalt*